


Leidarsteidn



Årshefte 2019
Bømlo Tur- og Sogelag
Årgang 18

Pris kr 200,-

Innhald:

Forord.....	s 3
Tillitsvalde i Bømlo Tur- og Sogelag.....	s 4
Norvald Nyteit til minne.....	s 5
Årsmelding, Bømlo Tur- og Sogelag 2018.....	s 6
Dei tre ferjene "Samband"	
Av Bernt Emil Vika.....	s 8
Då tippoldefar jobba i kopargruva på Visnes	
Av Nils Henning Vespestad.....	s 20
Knud Osmundsen Hovland 85 aar.....	s 25
Herdis og Ågen - kremmarar med fart og gode kundar	
Av Astrid Elin Lønning.....	s 26
Ring avis! Me har fått fartsgrenser i bygda!	
Av Nils Henning Vespestad.....	s 33
I dørgløtten til storhavet	
Av Kristian Magnus Vikse.....	s 36
Litt om Ådno, Ådnahytta, unionsoppløysing og norsk nøytralitetspolitikk.	
Av Bernt Emil Vika.....	s 43
"Næsten Amerikansk. Stutenaat dynamiten"	
Kanal gjennom Hatteeidet	
Tekst etter Tolleiv Hidle.....	s 54
Frå industribygg på Kallevåg til sjøbu på Utsira	
Tekst etter Einar Kallevåg.....	s 55
"Kor vart da då di"	
Ved Bertha Marie Eidesvik.....	s 57
Baksidebilete.....	s 64

Vil du bli medlem i Bømlo Tur- og Sogelag?
Du kan bli medlem ved å senda ein mail med
namn og adresse til **post@b-ts.no**
eller kontakta kasserar Ester Karin Barane Våge
tlf. 99504196 / ester.vaage@gmail.com

Forord

Enno eit år er snart omme, og årsheftet Leidarsteidn er igjen i sal for dei som likar å lesa lokalhistorisk stoff.

”*Sorgen og gleden de vandrer til hope*” heiter det i ei gammal salme. For oss i Bømlo Tur- og Sogelag høver denne strofa godt på året som har gått. Den 6. juli fekk me den tunge beskjeden om at ein av dei store støttespelarane i laget, Norvald Nyteit, hadde gått bort. Dette var eit stort tap for Bømlo Tur- og Sogelag. I minneordet litt lenger bak i dette heftet kan ein lesa om Norvald sin innsats for laget.

Men mange gledelege ting har også skjedd i løpet av året. Spesielt vil ein her nemna arbeidet som er utført på saga ved Vorlandsvågen. Frå å vera eit anlegg sterkt prega av ”tidens tann”, framstår no saga i fordums prakt – slik ho var medan ho var i bruk fram til rundt 1960. Mange hundre arbeidstimar er lagde ned i dette arbeidet. Ved saga er det òg sett opp ein liten plattning med plass til rastebord. For å letta tilkomsten for båtfolk, er det lagt ut ei flytebrygge ved saga. Her vil ein spesielt retta ei takk til Lars Lønning i Bømlo Maskin AS som vederlagsfritt har hjelpt til med dette arbeidet.

Karinestova har òg gjennomgått ei stor vøle. Det er lagt nytt golv i stova og ein stor lekkasje i taket er tetta.

Dugnadsgjengen som har ansvar for Bergehuset arbeider jamt og trutt med å halda huset og smia i orden. Ein del elektrisk installasjonsarbeid er utført på huset dette året.

Fleire av Bømlo Tur- og Sogelag sine turstiar er etter kvart noko därleg merka. Skilt rotnar og malingsmerke forsvinn. Ein har difor som mål å oppgradera stiane med skilt, infotavler og merking. Der det er behov for det vil ein laga små bruer og klopper. Den første stien stinemnda har tatt fatt på er Løvegapet – Roaldsfjorden – Eide – Sætre. Så prøver ein å ta sti for sti etter kvart. Eit anna arbeid stinemnda har gjennomført dette året er å ”gå opp” stiane våre med GPS slik at ein kan sjå kor stiane går på nettsida norgeskart.no. Dette arbeidet er gjort i samarbeid med Bømlo Turlag.

Turen Berge – Bergeseidet på skjærtorsdag var i år ein stor suksess. Rundt 200 personar deltok, noko som er ny rekord. Nytt av året var diverse leiker der barna vart aktiviserte.

For ikkje å gløyma nokon vil ein til slutt retta ei stor takk til medlemmene i styret, medlemmene i alle komiteane og alle i dugnadsgjengane som har vore i arbeid til beste for sogelaget dette året. Utan det store frivillige arbeidet ville det vore uråd å driva Bømlo Tur- og Sogelag.

Så vil ein til slutt ynskja God Jul og Godt Nyttår til alle medlemmene i sogelaget, til dei tillitsvalde og alle lesarane av Leidarsteidn!

Bernt Emil Vika

Leiar Bømlo Tur- og Sogelag

Tillitsvalde for Bømlo Tur- og Sogelag, valde på årsmøtet 28. februar 2019.

Styret

Faste medlemer av styret

Leiar	Bernt Emil Vika, 1 år (gj.val)
Nestleiar	Nils Peder Holme, 1 år (gj.val)
Kasserar	Ester Karin Barane Våge, 1 år (gj.val)
Sekretær	Lars Inge Vestvik, 1 år
Styremedlem	Ivar Barane, 1 år
Styremedlem	Arvid Samdal, 1 år

Arrangementsnemnd

Ivar Barane, 1 år
Hilde Gunn Ø Stokka 2 år (ny)
Torhild N. Vika, 2 år (gj.val)
Lene Pedersen, 1 år
Lene Tendeland, 1 år

Nemnd for merking av stiar

Bertha Marie Eidesvik, 1 år
Ellen Vold, 1 år
Svein Kallevåg, 1 år
Kjell Einar Holme, 1 år

Valnemnd

Signe Lønning, 2 år (gj.val)
Normann Larsen 2 år (ny)

Internett

<http://www.b-ts.no>
Mail: post@b-ts.no

Org.nr.

985056761

Varamedl. til styret:

Signe Lønning, 2 år (gj.val)
Gerda Larsen, 2 år (gj.val)

Restaureringsnemnd

Bergehuset	Knut Hegle, 2 år (gj.val)
Fridtun og	John Harald Bauge, 1 år
Hilleborgst.	Arne Vorland, 2 år (gj.val)
Kvernhus på	Helge Bunes, 1 år
Vorland	Endre Barane, 2 år (gj.val)
Karinestova	Axel König, 2 år (gj.val)
Saga	Alf Helge Samdal, 2 år (ny)
	Egil Lodden, 1 år
	Sigmund Stensen, 2 år (ny)
	Arvid Samdal, 2 år (gj.val)
	Nils Peder Holme, 2 år (gj.val)
	Svein Eide, 2 år (ny)
Ådnahytta	Lars Inge Vestvik, 1 år
	Martin Simonsen, 1 år
Kvernhus på	Reinert Hovland, 2 år (gj.val)
Bergeseidet	Karl Andreas Nilssen, 2 år (ny)

Skriftstyre

Bernt Emil Vika, 2 år (gj.val)
Lars Inge Vestvik, 1 år



Norvald Nytveit til minne

Laurdag den 6. juli 2019 fekk me den tunge beskjeden om at Norvald Nytveit var død. Gjennom ei årrekke hadde han kjempa mot kreftsjukdomen, men måtte diverre til slutt gi tapt for denne. Norvald passerte 70 år omlag ein månad før han døydde.

Rundt år 2000 vart Norvald vald til leiar i Bømlo Tur- og Sogelag og fungerte som leiar fram til årsmøtet i 2018. I tida under hans leiing skjedde det svært mykje i Bømlo Tur- og Sogelag.

Norvald var alltid kreativ, initiativrik og dristig, og arbeidet hans gav gode resultat til beste for sogelaget. Han var klar på at dei forskjellige husa i sogelaget si eige måtte bli tatt skikkeleg vare på. M.a. fekk Bergehuset, Fridtun, Hilleborgstova, Karinestova og kvernhuset på Bergeseidet ny bordkledning. Bergehuset og Fridtun fekk nytt tak, og Bergehuset fekk innlagt vatn og toalett.

Når det gjeld saga ved Vorlandsvågen, kan me vel seia at det var Norvald som redda huset frå å detta ned. Han fekk engasjert ein kyndig snekker til å skifta ramme, reisverk og kledning. At saga no står ferdig restaurert og i full operativ stand fekk han diverre ikkje oppleva.

Det var han som tok initiativet til årsheftet Leidarsteidn, eit hefte som no har kome ut i nærmare 20 år, og han var sterkt engasjert i planlegginga av båtboka som sogelaget gav ut i 2004.

Han var opptatt av at sogelaget burde moderniserast og profesjonaliserast, og me oppretta sider på internett og Facebook. Sogelaget fekk organisasjonsnummer i Brønnøysundregistrene, og laget vart innmelt i Fivillighetsregisteret slik at ein kunne ta mot grasrotandel frå Norsk Tipping.

Då bygdatunet var ferdig, tok han initiativ til at sogelaget skulle arrangera dansegalla saman med andre lag i bygda. Eit dristig prosjekt som viste seg å vera svært vellykka og gav gode inntekter for laga.

Han fekk til eit samarbeid med Hillestveit skule om turstiane som sogelaget har ansvar for.



Norvald Nytveit 1949 – 2019

Norvald såg klart at sogelaget ikkje kunne stå aleine i arbeidet med vern av lokalhistoria, og medlemskap i Hordaland Sogelag og dermed Landslaget for lokalhistorie var sjølvsgått.

I tidlig fase av Kystsogedagane var Bømlo Tur- og Sogelag med som arrangør her i Langevåg. Det å leiga ferja "Skånevik" under arrangementet var Norvald sin idé. Det må vel kunna seiast at dette vart ein stor happening i bygda.

Mykje kunne vore nemnt om Norvald sitt arbeid for sogelaget, men ein viktig ting han var spesielt flink til var å skaffa pengar til laget slik at vedlikehaldsarbeid kunne gjennomførast. Det er kostbart å vedlikehalda 8 gamle hus.

Ein kan vel seia at Norvald såg ikkje hindringar, berre muligheter. Sjølvsgått greidde han ikkje å gjennomföra alt aleine. Men han var flink til å knyta til seg folk som kunne vera med på laget - ein god eigenskap i seg sjølv.

Han var i mange år æresmedlem i Bømlo Tur- og Sogelag.

Norvald kjem til å bli djupt sakna av alle oss i Bømlo Tur- og Sogelag.

Bernt Emil Vika

Årsmelding

Bømlo Tur- og Sogelag 2018

Styret

Styret i Bømlo Tur- og Sogelag har i 2018 vore slik samansett:

Leiar: Bernt Emil Vika

Nestleiar: Nils Peder Holme

Kasserar: Ester Karin Barane Våge

Skrivar: Lars Inge Vestvik

Styremedlem: Ivar Barane

Styremedlem: Arvid Samdal

Vara: Signe Lønning

Vara: Gerda Larsen

Arbeid som gjenstår er å ferdigstilla slåket. Ein tar sikte på å få saga i drift i løpet av 2019. Bømlo Maskin v/Lars Lønning har utan vederlag hjelpt til med frakt av utstyr til saga med flåten sin.

Etter avtale med eigar av saga, Einar Vorland, har Bømlo Tur- og Sogelag fått tinglyst bruksrett til saga. Tinglysinga er datert 29.05.2018.

Den 02.07. - 03.07.2018 hadde Bømlo Tur- og Sogelag besøk av dagleg leiar Tor Anders Bekken Martinsen og styreleiar Mikal Heldal i Landslaget for lokalhistorie. Dei kom for å sjå på saga og for å hjelpe oss med å søkja om midlar frå Kulturminnefondet.

Årsmøte

Årsmøte i Bømlo Tur- og Sogelag for 2018 vart halde 10.04.2018 på bygdatunet.

Styremøte

I året 2018 vart det halde 8 ordinære styremøte i Bømlo Tur- og Sogelag.

Møte med alle komiteane vart gjennomført den 22.05.2018. Etter den tid har det vore to møte med turnemnda.

Vedlikehald

Bergehuset:

I året 2018 har det vore utført mykje vedlikehald på smia på Berge, både utvendig og innvendig. Bordkledningen utvendig og platene på taket er måla. Grua innvendig er flislagt med eldfaste fliser. Ein vil laga grua til slik at den kan fungera som ei æse.

Saga:

I 2018 har saga ved Vorlandsrågen vore prioritert. Ein stor dugnadsgjeng har arbeidd der store delar av året. Taket var lekk, og er erstatta med delvis nytt sutak, papp, lekter, rekter og panner. Ny sagbenk er montert. Eit lite vannreservoar ovanfor saga er restaurert med luker for å styra vatnet i bekken eller i slåket.

Karinestova:

Ein lekkasje i taket vart reparert. Ei av dei store hellene hadde sige litt ned, men er no løfta opp att.

Ådnahytta:

I hytta er det sett opp ei to etasjars seng, så her kan ein no overnatta. Ein treng å ta med sovepose og liggeunderlag. Det er sett inn ei dobbel kokeplate. Teppet på golvet i kjøkkenet er fjerna. Ei side på hytta er måla utvendig i år.

Alle husa med låst utedør har fått nøkkelboks.

Arrangement

Tradisjonen tru vart skjærtorsdag på Berge arrangert også i år. Sal av pølser i brød, vaflar og kaffi. Gratis saft. Utlodding. 101 personar deltok. Veret var bra, men det var svært vått i turløypa. Haugesund Sparebank vart profilert med reklame.

Bømlo frivilligsentral var på omvising på Fridtun 23.03.2018. Bernt Emil Vika fortalte om huset.

Hausten 2018 brukte mellomtrinnet nokre av husa til undervisning. Dette gjaldt Karinestova, Hilleborgstova og Fridtun. Veldig fint at husa blir brukte på denne måten. Bernt Emil Vika var med

på Fridtun med to grupper og fortalte om huset. På kystsogedagen 25.08.2018 var sogelaget representert med stand. Her selde me Leidarsteidn. Haugesund Sparebank vart profilert med reklame.

Haustfesten 3. november kalla me "Tørrfiskaften". Omlag 45 personar deltok. Knut Vika underheldt med opplesing og visesong. Det vart servert tørrfisk, poteter, bacon og ertestuing, kaffi og kringle. Jostein Sørveit spelte til dans. Haugesund Sparebank vart profilert med reklame.

Bømlo Frivilligsentral leigde Bergehuset den 11.11.2018. Kr. 400 i leige.

Turstiane

Nokre av turstiane til Bømlo Tur- og Sogelag er därleg merka. Turgruppa har difor starta eit arbeid med å skilta etter Turistforeningen sin standard, setja opp infotavler og merka stiane. Dei starta òg arbeidet med å henta inn løyve frå grunneigarane. Den første stien dei starta med var Eide - Roaldsfjorden - Sætre - Løvegapet.

Den 19.10.2018 arrangerte Bømlo Turlag tur til Vestre Vika og Melkevik. Bernt Emil Vika var guide på turen.

Utstilling

Bømlo omsorgstun hadde i oktober/november ei utstilling der temaet var skule. I samband med denne fekk dei låna to pultar, gamle skulebøker og anna skuleutstyr frå Fridtun.

Leidarsteidn

Årsheftet Leidarsteidn var klar for sal på julemessa 17.11.2018. Haugesund Sparebank vart profilert med reklame. Salet av Leidarsteidn gjennom året gjekk svært bra, med om lag 650 selde eksemplar.

Gåver

Eit fat frå Signe Strand Hope. Plassert på Fridtun
Ein gammal garnbuss frå Lars Inge Vestvik. Plassert på Fridtun.
Ein livbøye frå "Sleipner" gitt av Lauritz Eidesvik jr.
Plassert på Fridtun.
Ein del bøker frå dødsbuet til Bjarne Sørenes på Holme. Plassert på Fridtun.
Ein del gamle landbruksting frå Arne Martin Andal.
Plassert på Fridtun.
Ein koppar-kjele med trelokk frå Jan Tore Vespestad.

Plassert på Berge.

Pengegåver 2018:

Frå Bømlo kommune: kr. 5.000 til arrangementet Skjærtorsdag på Berge.

Frå Stiftelsen Simon Eidesviks minne: kr. 10.000 til saga ved Vorlandsvågen.

Frå Bømlo kommune: kr. 8000 til restaurering Fridtun.

Frå Haugesund sparebank: kr. 25.000 til Karinestova.

Frå Hordaland fylkeskommune: kr. 50.000 til skilting og infotavler på turstien Eide - Roaldsfjorden - Sætre - Løvegapet.

Frå Finnås Kraftlag: kr. 7000 til restaurering saga.

Studietur

Den 06.05.2018 drog Nils Peder Holme, Arvid Samdal, Svein Eide og Bernt Emil Vika på studietur til Suldal. Målet for turen var sagene og kvernhusa på Hustveit og i Kvednahola.

Representasjon

Knut og Wenche Hegle deltok på Hordaland Sogelag sitt årsmøte på Voss 07. - 08.04.2018.

Nils Peder Holme og Bernt Emil Vika deltok på kurs om årbokskriving i regi av Hordaland sogelag i Bergen 24.02.2018.

Bernt Emil Vika deltok på kurs på Espevær skule den 22.03.2018 om QR-merking av hus og gjenstandar.

Bømlo, 04.02.2019

Lars Inge Vestvik

(sign.)



Dei tre ferjene “Samband”

Litt om ”dampen” og ferjetrafikken over Bømlafjorden

Av Bernt Emil Vika

Bakgrunn

Etter at Haugesund vaks fram som by på midten av 1800-talet, kom Bømlo og store deler av Sunnhordland inn under Haugesund sine omlandsgrenser. I Haugesund fanst det butikkar med varer ein ikkje kunne få tak i lokalt, og ei rekke tenester vart etter kvart også tilgjengelege der. Men å koma seg til Haugesund i denne tidlege fasen var ikkje alltid like lett – om ein ville reisa med rutegåande transport.

I siste del av 1800-åra vart to nye transportselskap etablerte her på Vestlandet. For Bømlo sitt vedkomande kan ein generelt seia at det eine opererte på vestsida og det andre på austsida. Desse var Haugesund Dampskipsselskap, etablert i 1877 (HDS) og Hardanger Søndhordlandske Dampskipsselskap, etablert i 1880 (HSD). HDS opererte mellom Bergen og Stavanger i ytre lei, og i vårt område hadde dei anløp på Lykling, Grutle, Vika og Espenvær. HSD hadde anløp i Langevåg. Her måtte ”dampen” i førstninga borast ute i vågen, men på 1890-talet vart det bygt kai både på Zahlahuset og på Vorland. Båten veksla då med å leggja til ved desse kaiane – ein gong på Zahlahuset og ein gong på Vorland. Denne ruta vart kalla Stavangerruta og gjekk mellom Odda og Stavanger. Søndagar på 1960-talet var ”dampen” i Langevåg i 13-tida på veg sørover. Anløpet var då på Vorland og mange skuelystne møtte opp.

M/S “Ullensvang” og M/S “Ulvik” var vanlege båtar i ruta på den tida. I og med anløpa i Langevåg og Espenvær var det no mogeleg å reisa frå søre delen av Bømlo til Haugesund på handletur eller for å utføra andre ærend. Å koma seg fram og tilbake same dagen derimot var ikkje like lett, så overnatting i byen var det vanlege.



HSD sin rutebåt ”Vikingen II” ved bustadhuset til Nils Nilsen på Vorland.

Foto frå Kjell Lønning




Frå Zahlahuset.



D/S "Karmsund" i Espervær. Foto: Anders Wallerik. Med tillatelse frå Hardanger Folkemuseum.

"Dampen" var eit omgrep for folket både i Langevåg og Espervær i omlag 100 år. Men etter som vare- og persontrafikken utetter slutten av 1900-talet gjekk meir og meir over land, vart rutene både på vestsida og austsida lagde ned. HDS prøvde seg i 1973 med ein westamaran i ytre led, M/S "Haugesund", men denne vart tatt ut av ruta i 1980. Båten vart sold til HSD og selskapet Haugesund Dampskipsselskap vart avvikla. Også HSD sine dampbåtruter på austsida vart nedlagde. Men då dette skjedde var det for lenge sidan etablert ein annan måte å reisa til Haugesund på.

Utetter 1920- 30- og 40-åra var det stor utbygging av vegar både på Bømlo og i Sveio. Ein begynte difor å sjå på om det ikkje opna seg ein mulighet for å reisa over Bømlafjorden med båt og så vidare til Haugesund med buss.



M/S "Sollys" i Tjernagel. Foto frå Lars Inge Vestrik

I kommunane Valestrand og Sveio vart det på 1920-talet etablert to busselskap, eit med base på Tittelsnes, Haugesund Tittelsnes Billag A/S, og eit i Sveio, Sveio Billag A/S.

Ein person som såg at det her kunne vera mulig å driva rutetrafikk mellom Bømlo og Sveio var den seinare så profilerte motstandsmannen og medlem av shetlandsgjengen Håkon Særsten frå Mælandsvågen. I 1935 starta han rute frå Mælandsvågen og over til fastlandet med motorskøyta "Sollys". Ruta gjekk gjennom Kulleseidkanalen og hadde fleire stopp langs landet sørover mot Langevåg. Her stoppa skøyta fleire stader på begge sider av vågen for å plukka opp passasjerar. Frå Langevåg gjekk ho så over til Eltravåg, og derifrå kunne passasjerane ta "sveiabussen" til Haugesund. Om ettermiddagen var det mulig å ta same vegen tilbake. "Sollys" kunne ta 30 passasjerar, men ingen bilar. Landhandlar Ole Barane gav skøyta tilnamnet "Pikkå" etter lyden av motoren.


Den første "Samband"

Etter omlag eitt års drift tilbaud Særsten Sveio Billag A/S å leiga "Sollys" og driva ruta for eiga rekning. Dette slo billaget til på og dreiv ruta fram til 1941 då tyskarane rekvirerte båten. Billaget såg seg då rundt etter ny båt, og kom over ein kutter frå Espevær som dei kunne få kjøpa. Dette var M/K "Schumann", ein båt som kunne ta 60 passasjerar, men heller ikkje denne tok bilar. Kjøpesummen var 10.000 kroner. Forretningsføraren i Sveio Billag A/S, Johannes Dommersnes, gav båten namnet "Samband".



M/S "Ullensvang" bakkar ut frå Kaien på Vorland ein gong på 1960-talet.

Foto: Arne Breistein



"Schumann" som "Samband" slutten av 1940-talet.



Styrehuset på "Schumann". Alf Amundsen i styrehusinduet.

M/K "Schumann"/"Samband" vart bygd i 1924 ved Gunvald Ottesen båtbyggeri i Sagvåg. Båten var då 49,8 fot lang og fekk montert inn ein 12 HK Skandia. Dei som kontraherte båten var Lauritz og Monrad Larssen i Espenvær. Fiskerinummeret vart H-8-BO. Allereie i 1927 vart båten forlengd med omlag fem fot. Samtidig gjekk han ut av merkeregisteret og vart brukt til agentbåt for fleire bergensfirma, m.a. Sundt, Kløverhuset, Berstad, Wallendahl og Shell i Bergen. Monrad Larssen førte båten på denne tida. I 1938 fekk han sett inn ein 30 HK Bjørnevik, og seinare ein 40 HK Brunvoll.

I 1939 rekvirerte marinen "Samband" til nøytralitetsvakt, med base på Rongevær. Alf Amundsen frå Espenvær var då førar. Ein episode den 4. mai 1940 førte til at båten gjekk på eit undervannskjær ved Hennøystranda sør for Måløy og vart ståande fast. Alf Amundsen saman med tre andre av mannskapet rodde då heile vegen til Vorlandsvågen på Bømlo utan å bli tekne av tyskarane. I Vorlandsvågen skilde karane lag. Alf Amundsen rodde aleine heim til Espenvær, medan dei tre andre vart skyssa over til fastlandet av to menn frå Vorland. "Samband" vart berga ei stund seinare og reparert av Anders Kvernenes på Espenvær Slip og Mek. Verkstad.

Ruta som båten gjekk då han vart sett inn i rutetrafikk i 1941, var i førstninga Målandsvåg – Langevåg – Eltravåg. Seinare vart ruta Langevåg – Eltravåg og Mosterhamn – Tjernagel. Gustav Stueland var skipper og Sverre Enerstvedt matros.

"Samband", ex. "Schumann" gjekk i denne ruta til mars 1952. Då vart båten sold til Ivar Borlaug, Feios i Leikanger, Sogn.

Den andre "Samband"

I 1952 vart det bygt ein liten ferjekai på garden Vespestad inst i Langevåg. Lemmen for å kjøra om bord og i land måtte sveivast opp og ned manuelt. Same året vart det sett inn ei lita ferje som òg fekk namnet "Samband". Denne var i utgangspunktet eit fiskedampskip som vart modifisert til ei lita bilferje. Ombygginga vart gjort ved Haugesund Slipp. Stueland og Enerstvedt var mannskap også



Gustav Stueland. Foto med tillatelse frå Sveio Kystlag



"Samband" i Langevåg i 1953. Foto frå Lars Inge Vestvik

på denne. Kapasiteten var 200 passasjerar og 5 bilar. Med denne ferja vart ferjetilbodet over fjorden vesentleg betre enn det hadde vore. Dette var den første ferja som kunne frakta bilar over Bømlafjorden mellom Langevåg, Eltravåg, Tjernagel og Moster. Seinare kom også Auklandshamn med i seglingsplanen. Dessutan var ferja den første i Sunnhordland som hadde innkjøringsport bak. Den normale måten å ta om bord bilar på for andre



"Samband" ved Kråketangen ute i Langevåg. Foto: Ingeborg Olson



"Samband" i Buavåg i 1960.
Foto: Kristian Magnus Vikse



Langeråg 1966. Ferja "Samband" midt i biletet. Foto kjøpt fra Jahn Ottesen historisk fotoarkiv og forlag



"Samband", her som "Sjona".

rutebåtar var via store sliskar av tre midtskips. Nokre av anløpsstadane for "Samband" hadde ikkje ferjestø med ferjelem, så her måtte framleis sliskane brukast. Når det gjaldt større bilar, kunne "Samband" frakta ein lastebil eller to, noko andre rutebåtar hadde problem med. No skal det seiast at lastebilane på den tida var relativt små.

For Sveio Billag A/S var innkjøp av "Samband" eit stort løft – altfor stort. Difor vart eit eige selskap stifta, Skibsaksjeselskapet Samband. Aksjar i selskapet vart lagde ut for sal, og folk både i Haugesund, Sveio og Bømlo støtta opp med kjøp. Ingvar Meling, forretningsmann og lokalpolitikar i Haugesund, var drivkrafta bak etableringa av selskapet. Sveio Billag A/S drifta også dette selskapet; Ole R. Olsen var styreformann og Johannes Dommersnes forretningsførar. Sal av den førre "Samband" gjorde at Sveio Billag kunne sikra seg ein stor aksjepost i selskapet.

Den "Samband" det handlar om i denne bolken vart bygd ved Aalesund Mek. Verkstad i 1912 som fiskefartøy. Namnet var frå ny av D/S "Torgeir" og kontraktør var Adolf Sandborg frå Ålesund. Båten hadde som ny ein 12 NHK dampmaskin. I 1936 vart båten sold til F. & O. Voldsæther, Ålesund. Same året vart han sold vidare til Stavanger Skips-Ophugnings Co. Her vart båten ribba, berre skroget var att. I januar 1952 låg han i Sagvåg, og vart kjøpt av Skibsaksjeselskapet Samband og ombygd til bilferje. Lengda var 88,2 fot og breidda 18,3 fot. Motoren var ein 200 HK Alpha, ny i 1952.

I 1954 skjedde det ei viktig endring når det gjaldt forbindelsen Bømlo til fastlandet. Då vart ferjekai i Buavåg bygt, og Eltravåg vart avvikla som destinasjon. Haugesund kommune var med på forskotering av både veg og ferjekai.

I mange år var ferja ein trufast slitar på veg til og frå fastlandet. Folk som har levd ei stund hugsar nok korleis ho "rulla" seg fram over fjorden. Skulelevane på Hillestveit måtte på den tid til Haugesund for å gå til tannlege. Slingringa, blanda med nervositet og redsle for tannlegen, førte til kvalme før ein steig inn i "sveiabussen", og resultatet vart ofte spying på dei smale og svingete vegane i Sveio.

I 1967 gjekk ferja ut av ruta på Bømlafjorden og

vart omdøypt til "Tjernagel". I 1968 vart ho sold til Helgeland Trafikkselskap A/S i Sannessjøen. Her fekk ho namnet "Sjona". I 1978 vart båten omdøypt til "Ytterholmen", og same året sold til Rochester i England. Der vart fartøyet brukt til dykkarbåt under namnet "Ice Bear".

Medan ferja gjekk i rute på Bømlafjorden var den i periodar ute av drift for vedlikehald og reparasjon. I desse periodane gjekk gjerne motorkutter "Kapp I" frå Espevær som erstatningsbåt. Denne kunne ikkje ta bilar. Ein kan lesa om "Kapp I" og flukta til Shetland med Hermansen-familien i Leidarsteidn for 2009.

Veret på Bømlafjorden kunne til tider vera utfordrande, og i Rogalands Avis den 1. februar 1962 kan ein lesa følgjande:

Hard påkjenning for «Kong Sverre» og «Samband»

Innenfor Haugesund havneområde forekom ikke noen uhell av betydning under stormen. Men været var så voldsomt onsdag morgen at «Kong Sverre» i sydgående nattrute måtte sløyfe Kopervik. Skipet kom riktig nok inn til kaien i Kopervik, men vindpresset var for voldsomt slik at det ikke lykkes å få feste for fartoyet. Det drev utover, og kapteinen fant det da nødvendig å fortsette.

Bilferjen «Samband» i rute fra Bømlo for å korrespondere med Sveio Billags vogn på fastlandsiden drev på land ved Buavåg idet en ikke klarte å komme inn med skikk. Det var altså en tilsvarende situasjon som oppstod der som med kystruta i Kopervik. Passajerene ble rodd over til kaien, og «Samband» vil nok komme i rute igjen så snart været bedager seg.

Under de rådene værforbehold ble det i går bestemt at H.D.'s «Landanes» tur til Bømlo i går ettermiddag skulle sløyfes. Ruten til Sanda i dag skal dog gå sin gang.

Etter krigen var mange handelsvarer rasjonerte og regulerte på forskjellige måtar. Bilsalet t.d. vart ikkje fritt før i 1960. Då dette skjedde, auka trafikken monaleg på landevegane og sjølvsagt også på ferjene. Ei lita ferje med ein kapasitet på 5 personbileiningar heldt ikkje mål lenger.

HSD, som på 1960-talet dreiv dampbåtrute og ferjeruter i Sunnhordland, var ikkje begeistra for Skibsaksjeselskapet Samband. Dei meinte selskapet trengde seg innpå konsesjonsområdet deira i Sunnhordland, og krangelen var i gang. Saka om

konsesjon hadde vore oppe i Samferdselsnemnda i Bergen tidlegare, men i 1964 tok HSD saka opp på nytt. Dei ville då innlemma Haugesund-Tittelsnes Billag A/S, Sveio Billag A/S og Skibsaksjeselskapet Samband i sitt selskap. Ved ein slik ordning ville dei setja inn ei større ferje over Bømlafjorden var planen. Men Skibsaksjeselskapet Samband gav seg ikkje så lett, og på eit ekstraordinert årsmøte den 30. april 1966 bestemte dei seg for å kontrahera ei ny ferje.

Den tredje "Samband"

Den ferja som no vart bestilt vart den tredje med namnet "Samband" som trafikkerte Bømlafjorden. Anbodet på ny ferje vart gitt til Haugesund Slipp A/S (bygg nr. 9). "Samband" tok 20 personbilar og bildekket vart gjennomgåande med port i begge endar. Ferja vart ikkje bygd som pendelferje og måtte difor snu enten ved ankomst eller ved avgang. Men bilane slapp no å rygga i land slik dei måtte gjera på den førre "Samband". Motoren som vart sett inn var ein 4ACA Wichmann på 400 HK. Denne gav ferja ein fart på 10,4 knop. Prisen vart 1.870.000 kroner. Passasjersalongen var plassert nede under bildekket.

Passasjerkapasiteten var 196 personar. Sjøsetjinga fann stad i april 1967. Overleveringa skjedde 12. juli same året. Ved overleveringa var sjølve skroget måla grått og overbygget kvitt. Reiarlaget Knut Knutsen O.A.S. var no forretningsførar for Skibsaksjeselskapet Samband, og Harald Unneland styreleiar.

"Samband" med eigarinteresser på Haugalandet vart sett i drift på sambandet Langevåg – Buavåg – Mosterhamn – Valevåg i juli 1967. Men i underkant av eitt år seinare vart eigartilhøvet endra. I HSD si årsmelding for 1968 skriv reiarlaget m.a.: *"Etter at HSD fekk konsesjon for ferjeruta i ytre Bømlafjorden (Mosterhamn/Langevåg-Buavåg) vart det etter oppmøding fra departementet teke opp tingingar om kjøp av M/F "Samband" som hadde trafikkert ruta sidan båten var ny sommaren 1967. Tingingane førte til at HSD tok over M/F "Samband" 1. juni 1968".* Ferja var altså no i HSD si eige, skroget vart måla svart, medan overbygget framleis var kvitt.

Dei første åra hadde "Samband" to mannskapsskift. Det eine var Odd Breien (kaptein), Lars Vika




"Samband" i 1968, medan ferja enno var måla grå. Dei andre båtane på biletet er f.v. "Solveig", "Daisy" og "Peto".

Foto: Arne Breistein

(maskinist), Alfred Samdal (styrmann og billettør) og Alfred Vespestad (matros). Det andre skiftet var Bjarne Larsen (kaptein), Rudolf Hovland (maskinist), Louis Nilssen (styrmann og billettør) og Edd Hovland (matros). Vaktskiftet foregjekk i 2 – 3-tida om ettermiddagen. Bjarne Larsen slutta etter kort tid om bord, og Trygve Sørenes overtok stillinga som kaptein etter han.

Heilt sidan ferjekaien inst i Langevåg stod klar i 1952, hadde ferjene nytta dette som utgangspunkt for overfarten til Buavåg. Ein måtte altså då gå inn heile Langevåg, ein relativt lang våg med fartsbegrensing på 5 knop. Dette tok tid og var uøkonomisk. For den nye ferja ”Samband” var det også trøngt å manøvrera inne i Langevåg. Debatten om ei eventuell flytting av ferjekaien gjekk høgt



Det eine skifset på ”Samband”.

Fra venstre: Lars Vika, Odd Breien, Alfred Samdal og Alfred Vespestad.



”Samband” ved den nye ferjekaien i Salvestranden i Langevåg. Foto: Ingvard Hovland

på byrjinga av 1970-talet. Begge partar meinte dei hadde gode argument for sitt syn.

I eit intervju med Reidar Hovland som stod på trykk i Bømlo-nytt 6. desember 1973 heiter det m.a.:

Langevåg, ferja og miljøet

Intervju med Reidar Hovland

Det er gamle, men velhaldne hus på garden Hovland. Her er det vedhus, eldhús, gamalstove, løe og våningshus. Husa er sette slik at dei dannar eit lunt og koseleg gardstun. I sør mot riksvegen er det ein fin hage. Her, tett oppunder vegen står sauhehuset.

Reidar Hovland, kvifor er du du imot at det vert laga nytt ferjestø ute på sørsvida av Langevåg?

Det nye ferjestøet som er planlagt ute i Salvestranda kjem til å forandra heile miljø i langevågsområdet. Serleg kjem det til å gå utover gardane Voll og Hovland. Her er det mange utkjøringar som då vil verta livsfarlige. Mange av desse må nok stengjast.

Men kortare veg for ferja betyr mindre reisetid.

Nei, ein vil ikkje spara reisetid med å flytta ferjestø. I dag ligg ferjestø sentralt, og sør-bomlingane nyttar ikkje bussen. Blir ferjestø flytta 2 km ut i Langevåg, kjem det til å bli busstopp med kyrkja, i Kåso, på Voll og både på ytre og indre Hovland. På heimveg skal dei av bussen med alle pakkenelikkane sine. Eg tenkjer bremnesingane skal bli leie meir enn ein gong før dei betaler med på 4de krona før dei kjem seg nordom Kyrkjefjellet. Frå kyrkja og forbi Hovlandsgarden kjem det også til å verta 50 km fartsgrense.

Det seiest at det vert billigare å byggja nytt ferjestø enn å byggja ut det som no er inne i Kåso?

Det trur eg ikkje på. Det må byggjast 700 meter ny veg ned til det nye ferjestø. Å utvida parkeringsplassen inne i Kåso og legga ferjestø ut på Vodlaskjeret kan ikkje verta så kostbart. Her er det også forretningar og kafé om nokon vil ha seg mat mens dei ventar på ferja.

Det herdast at blir ikkje ferjestø flytta, vert det berre ei lita ferje som kjem til å gå med sjeldne anløp.

Slik er berre skremmelspropaganda frå dei som absolutt skal flytta ferjestø. Blir ferjestø i Kåso, kjem trafikken til å auka jamt utan å skada nokon.

Intervjuar og forfattar av teksten var Tolleiv Hidle.

Trass i motførestillingane frå enkelte om nytt ferjestø lenger ute i Langevåg, vart det vedteke at ferjekaien no skulle leggjast til Salvestranda. Den 1. september 1975 var ferjekaien ferdig og tatt i bruk. Kaien fekk stor oppstillingsplass for bilar, og servicebygg med toalett og venterom. Kostnadene var vel 2,5 mill.



Reidar Hovland.


kroner. I Buavåg vart ferjekaien utbetra omrent på same tida. Mosterhamn vart tatt ut av seglingsplanen. "Samband" trafikkerte no berre Langevåg – Buavåg, og heldt på med det ut mai månad 1979.

Etter det gjekk "Samband" på andre samband i distriktet, m.a. i Langenuen, Mosterhamn – Valevåg og Sandvikvåg – Austevoll. I november 1997 vart ferja sold til selskapet Samba Marin A/S på Lepsøy i Os, eit selskap som leverer tenester for aquakultur, offshore og bygg og anlegg. Båten vart i 1998 omdøypt til "Samba". I 2005 vart overbygget fjerna og styrehuset flytta ut på styrbord side. I 2010 vart båten igjen bygd om med nytt styrehus, ny kran og ny motor. Den nye motoren vart ein Caterpillar 3412 på 600 HK. Den gamle motoren vart frakta til Rubbestadneset der han er overholt av Norsk Veteranmotor A/S som består av ein gjeng entusiastiske pensjoistar. Målet er at motoren med tida skal inn i den gamle HSD-ferja "Folgefonn", som no er ei freda veteranferje.

Sidan 1952 hadde Tønnes Olson vore trufast ekspeditor for ferja og møtte opp ved kvart anløp for å tilpassa ferjelemmen etter flo og fjære. På den nye ferjekaien i Salvestranda fekk ein eit system der mannskapet sjølv kunne regulera den elektrisk styrete lemmen. Tønnes sin jobb som ferjeekspeditor vart då overflodig.



Fra salongen på "Samband". Foto: Ingvald Hovland



Hovedmotoren på "Samband", ein 4ACA Wichmann på 400 HK. Foto: Ingvald Hovland



Odd Breien og Ingvald Hovland i styrehuset på "Samband". I mange år var Odd Breien kaptein og Ingvald Hovland maskinist om bord. Foto fra Ingvald Hovland

I november 1979 gjorde ein forsøk med sjølvbetjent køordnar for bilane som skulle med ferja. Dette svarte ikkje til forventningane, og ordninga vart tatt bort ei stund etter.

Etter at "Samband" vart tatt ut av ruta Langevåg - Buavåg har sambandet fram til 2019 hatt fire ferjer; "Kinsarvik" gjekk frå 1. juni 1979 og ei stund frametter. Deretter kom "Odda" som gjekk fram til februar 1993. "Strandebarm" overtok og gjekk fram til 2011. Etter det har "Utstein" trafikkert sambandet. Ei ny ferje med diesel-elektrisk drift vil bli sett inn utpå nyåret 2020.

Kjelder:

Bømlo-nytt
Skipet nr. 2, juni 1989
Sveio Kystlag: "Årsskrift for Sveio Kystlag 2002"
Kari Shetelig Hovland: "Bømlo bygdebok III"



(c) Uwe Jakob

*"Samband" her som "Samba".
Publisert med tillatelse frå Samba Marine AS v/ Preben Vedholm*

Harald Sætre: "Fram og tilbake over fjorden", Kapabel forlag, 2015

Harald Sætre: "Fram og tilbake til by'n", Kapabel forlag, 2015

Bård Kolltveit: "Over fjord og fjell - Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap 1880 - 1980" Ivar Barane, Ingvald Hovland, Sten Lodden, Rolf Nesse, Trygve Sørenes, Peder Toft.

Då tippoldefar jobba i kopargruva på Visnes

Av Nils Henning Vespestad

Eit industiventyr fann stad på vestsida av Karmøy på siste halvdel av 1800-talet. Og med begge beina solid planta i det heile sto Knut Osmundsen – mannen som få år seinare vart kjent på Bømlo under kallenamnet «Minare-Knut'n».

Soga om «Minare-Knut'n» vart grundig presentert i Leidarsteidn 2008. Forfattaren var den same som skriv denne artikkelen; ein av Knut sine mange tippoldebarn. I ettertid viste det seg at det var ein mangel i artikkelen. Eit spennande kapittel i livet hans var utelate. Dette skal me no retta opp i, basert på kjelder som dukka opp i kjølvatnet av førra artikkel.

Dette var «Minare-Knut'n»

Først er det på sin plass å seia litt om kven «Minare-Knut'n» var. Minering vil seia bergbryting ved hjelp av krut eller anna sprengstoff, og tilnamnet kom av at den tidlegare gruvearbeidaren Knut Osmundsen vart bømlabygdene sin eigen murar og skytebas i ein god mannsalder frå midt på 1890-talet.

Opprinnleget kom han frå garden Bråskot, på ei fjellhytte tvers over Åkrafjorden og litt vest for rastepllassen ved Langfoss i Etne. Knut vart fødd 5. mars 1851, og gifte seg i vakseen alder med den halvtanna år yngre Serine Olsdatter frå Gramshaug i det som i dag er ein del av Sveio kommune. Saman fekk dei ti barn i løpet av 21 år, det siste etter at familien slo seg ned på Hovland på Bømlo: Olive Marie (1877), Helga Sofie (1879), Osmund (1881), Sigurda Anette Kristine (1883), Oluf Dorotheas

(1885), Valborg Leonora (1888), Torbjørn (1890), Larinsa/Lorence/Larence Karoline (1892), Lars (1894) og Karl Severin (1898). Ni av barna vaks opp, medan Karoline døydde allereie som baby. Første del av namnet hennar er skrive ulikt i ulike kyrkjebøker.

«Frå Bråskot til Bømlo – soga om «Minare-Knut'n»» tar deg med gjennom livet hans, frå han vart fødd i kong Oscar I si regjeringsstid og fram til Knut døyde tre dagar før kong Harald kom til verda i februar 1937. Me føl ein ung Knut på jobb som gjetargut og i teneste som dreng, og me blir med «ungkarl, jordarbeider» Knut vestover til Valestrand, vidare til Stord og deretter Lykling og Moster i dáverande Finnås herad. Knut jobba mellom anna i gullgruvene på Lykling og i kalkbrotet på Moster.

Til slutt slo altså familien seg ned på Hovland ein gong i tidleg på 1890-talet, og vart buande her resten av livet. Knut haldt fram med steinarbeid, og murte



Ekteparet Knut og Serine Hovland hos fotografen. Foto frå Leidasteidn 2008

hundrevis av loddpiper på Bømlo og i Sunnhordland dei neste 40 åra. «*Mange er de arbeider han har utført i disse 40 aarene, av brygger, kaier, sjøbusmurer. Det er et stort under at armene henger paa kroppen, sier han selv*», står det i ein omtale i Haugesunds Dagblad i samband med Knut sin 85-årsdag i 1937.

Mellom anna sto han for den første kaien på Zahlahuset. Stein vart henta frå murane som sto igjen etter alle saltebuene som tidlegare hadde vore i Hovlandshagen. Knut var også fiskar, og godt oppi åra var han gravar og kyrkjetenar. Det vert fortalt at han hadde fast plass i kyrkja på Vorland, ved sidan av vedomnen som den gong sto midt i kyrkjerommet. Omnen er no borte, men benken ved sidan av er framleis kortare enn dei andre.

Knut var nesten 86 år gammal då han døydde. Flyttinga rundt i distriktet er dokumentert gjennom ulike kyrkjebøker og bygdebøker. Begge deler er scanna og tilgjengelege på nett. Dette var viktige kjelder for artikkelen «Frå Bråskot til Bømlo – soga om «Minare-Knut'n»». Ei anna sentral kjelde var den nemnde artikkelen i Haugesunds Dagblad i høve Knut sin 85-årsdag. Her står det at Knut jobba med «sten og mur» medan han budde på Stord, og at han sidan altså jobba i gullgruvene på Lykling og i kalkbrotet på Moster. Dette gjorde det enkelt å følgje han og familien på vegen via kyrkje- og bygdebøker.

I gullgruvene på Lykling

I artikkelen fra 2008 heiter det at Knut må ha byrja i gullgruvene på Lykling ein gong i perioden 1883–1888. Og truleg skjedde det ikkje før etter at sonen Oluf Dorotheas kom til verda i april 1885. Skal ein dømma ut frå kyrkjeboka, budde familien då på Gramshaug på fastlandet – utan at me veit om Knut jobba i nærområdet eller eksempelvis pendla til Stord eller Lykling i denne perioden. Derimot veit me at Knut vart oppført som «grubearbeider» då Valborg Leonora kom til verda i januar 1888, og at Nøkling no var oppført som bustad. Nøkling er ein annan skrivemåte for Løkling eller Lykling. Den vesle bygda vart sentrum for den største gullfeberen i Norge tidleg på 1880-talet.



Hilsen fra Langevåg.

Vegen gjennom Hovland-garden rundt 1910. I forgrunnen Olai-tunet, så stova til «Minare-Knut'n», med smiemuren og eldhuset. I bakgrunnen stova på Rasmus-tunet, og Anders-tunet heilt til venstre. Foto frå Leidarsteidn 2008

«I 1883-84 herska det ein enorm optimisme i området, og frå fjern og nær strøymde det på med eventyrlystne gullgravavarar. Desse slo seg ned i det som fantes av ledige rom og provisoriske skur, og henta i løpet av nesten 30 år ut 200 kilo reint gull», heiter det i Leidarsteidn 2008 – sitert frå Bømlo kommune sine nettsider.

Ingen veit kor lenge Knut var på Lykling, eller kva oppgåver han hadde. Neste spor etter Knut og familien i gamle Finnås herad finn me i kyrkjebøkene for Moster i mai 1892, då Larinsa/Lorence/Larense Karoline vart fødd. Knut har både «grubearbeider» og «murer» som tittel, ut frå kva kyrkjebok du ser i, men no er Totland oppført som bustad. Dottera døydde allereie i 1893, og dette er òg ført inn i kyrkjeboka for Moster. Alt tyder på at Knut jobba i kalkbrotet på Moster i denne perioden, i det du i dag kjenner som Moster amfi.

Men så har artikkelen hoppa over Knut og Serine sitt sjuande barn, Torbjørn, som vart fødd 7. februar 1890. Torbjørn er presentert kort avslutningsvis, saman med alle syskena sine, men er ikkje med i den forløpende teksten. Dette har rett og slett gått forfattaren hus forbi. Det er tid for å rulla opp det utelatne kapittelet i livet til Knut, Serine og barna.

Verksarbeider på Vigsnes

Torbjørn er ikkje å finna i oversikta over døpte personar i Finnås prestegjeld, korkje i Bømlo, Moster eller Bremnes. Ved folketeljinga i 1900 er Finnås herad oppført som fødestad, men dette stemmer

ikkje. Derimot er oppføringa korrekt i det Torbjørn vert konfirmert i Bømlo i 1904. No er «Vigsnes i Avaldsnes» oppført som fødestad. Og eit dykk ned i kyrkjeboka for gamle Avaldsnes kommune på Karmøy stadfestar dette: Torbjørn vart døypt 13. april 1890, og Vigsnes vart oppført som bustad. I tillegg finn ein spor av familien i bygdeboka for Avaldsnes, rett nok utan at dei fem eldre syskena hans er omtala: «Knut er nernt her på Visnes som verksarbeider då dei døypte sonen i 1890», heiter det i bygdeboka.

I dag finnes det ingen tilsettelistar frå den tid. Likevel er det klart at Knut jobba ein periode ved Vigsnes Kobberverk rundt overgangen frå 1880- til 1890-talet. Og han var ikkje åleine: Gamlegruva, ved det som no er Vigsnes grubemuseum, var i 1880-åra den største industriarbeidsplassen i Norge, og den største kopargruva i Nord-Europa. På det meste arbeidde det 800 personar i gruva, går det fram av eit informasjonsskilt ved inngangspartiet som kallast Oscarsportalen. Muren vart oppført i 1872, då dåverande kronprins Oscar var på vitjing i høve opninga av riksmonumentet på Haraldshaugen i Haugesund. Seinare same år tok han over trona som kong Oscar II. Frihetsgudinnen i New York vart laga av kopar frå Vigsnes Kobberverk nokre år etter den kongelege vitjinga, men før «Minare-Knut'n» jobba på staden.

Familien må ha vore med, sjølv om Torbjørn sine sysken altså ikkje er nemnde i bygdeboka. Me får heller ingen treff på familien i inn- og utflyttarprotokollane i ei einaste kyrkjebok, korkje i Finnås eller Avaldsnes prestegjeld.



Inngangen til Gamlegruva ved Vigsnes grubemuseum på Karmøy. Her jobba «Minare-Knut'n» ein periode i overgangen mellom 1880- og 1890-talet. Foto: Nils Henning Vespestad



Statua av gruvearbeidaren på gruveområdet på Visnes. I bakgrunnen kan ein skimta ein kopi av Frihetsgudinnen. Originalen i New York er laga av koppar frå Visnes. Foto: Nils Henning Vespestad

Av denne grunn veit me ikkje kor lenge Knut jobba på Visnes. Men ut frå det me no veit om kor familien budde i januar 1888 og mai 1892, kan me avgrensa perioden tilsvarande. Det er elles på det reine at den eldste dottera i huset, Olive Marie, vart konfirmert i Moster kyrkje 2. oktober 1892. Far Knut er no oppført som «grubearbeider».

Kuriøst nok fortel bygdeboka for sore Bømlo at Knut og familien slo seg ned på Hovland allereie i 1891, då dei kjøpte den snart 50 år gamle stova og smia etter Ingebrigtsen. Artikkelen i Leidarsteidn nøyser seg med å konstatera at familien kom til gards ein gong i løpet av perioden 1891-1894. Og dette må ha skjedd etter at sonen Lars kom til verda i april 1894. Han vart nemleg døypt i Moster. Den siste sonen, Karl Severin, vart derimot døypt på Bømlo. Han kom til verda i mars 1898, og no var Hovland oppført som bustad.

Småbyen ute ved havet

Om du framleis heng med, skal me no sjå litt nærare på livet som verksarbeider på Visnes. I si tid var dette altså den største industriarbeidsplassen i Norge, og det var eit levande samfunn med både barn og vaksne. På det meste budde det cirka 3000 menneske i og rundt Visnes, går det fram av eit informasjonsskilt i gruveområdet: «*I den første tida kom det mange fra andre landsdeler og utlandet. Anleggsarbeiderne var som oftest ungkarer med kunnskap og arbeidspaktsis fra andre gruver. Nye bygg ble snart satt opp: kontor, verksted, sykehus, skole og arbeiderboliger.*» Desse arbeidarbustadane var ofte overfylte, og det var ikkje uvanleg med tre-fire familiar og fleire ungkarar i same hus. Arbeidarane kom frå heile Norge og Sverige, men også frå land som Italia.

Gruvedriften byrja i 1865. Avisa Christiania Intelligentssedler vitja Visnes nokre år før Knut flytta hit. I ein artikkel 27. januar 1885 heitte det mellom anna at staden var blitt til «*en hel By med rivende Trafik, sterk pulserende Liv og mindst 3000 Indbyggere, som, efter alle ydre Mærker at domme, formerer sig med stor hurtighet.*» Utdrag frå artikkelen er gjengjeven i boka «Gruve-driften på Vigsnes 100 år». Artikkelen fortel at i overkant av 1800 personar budde på sjølve verket, deriblant omrent 500 skulebarn. «*De fleste af Arbeiderne er unge Folk og gifte. Værket har egen Skole, eget Hospital og Fattigvæsen,*» heiter det mellom anna. 1200 personar budde på «Haugen», ein bydel som var skilt frå verket med ein open port.



Det var nok et slit å jobba fleire hundre meter under bakken, frå seks om morgonen til seks om kvelden. Malmen vart frakta i slike vogner. Foto: Nils Henning Vespestad

«*Her bor en hel del Værksarbeidere, Handelsfolk og Haandværkere, som i Åarenes Løb har flyttet hid fra Naboyerne og hvis Mængde hurtig forøges,*» skrev avisene.

Då Torbjørn kom til verda i 1890, var Knut og Serine i slutten av 30-åra. Dei hadde allereie fem barn i alderen to til tretten år. Me veit ikkje i kva bydel familien slo seg ned, men me kan sjå for oss at dei nyttet seg av butilbudet som var etablert på staden. Kanskje var familien også aktiv i den meir sosiale delen av lokalsamfunnet: Her var det «*en Ynglingforening og et Ophyggeshus, samt eit festivitetslokale «hvor de, som ønsker det, faar Lov til at danse hver Søndag Aften fra Klokkken syv til ti.*» Vidare sto avhaldssaka sterkt i området, og Visnes hadde «*ikke mindre end 2 God-Templar-Loger og en Afholdsforening.*»

Gode vilkår for si tid

Det var eit klart klassekilje på Visnes, men både funksjonærar og vanlege arbeidarar ser ut til å ha hatt gode arbeidsvilkår for si tid. Den franske gruvedirektøren Charles Defrance, lokalt kalla «Fransen», var allereie frå starten i 1865 oppatt av korleis dei tilsette hadde det. På fritida skulle dei ha målretta og meiningsfylte aktivitetar, anten det var innan kultur eller idrett. I 1870, fem år etter at gruvedriften starta, omtala han mellom anna dette i ei lita bok om gruvedriften på Vigsnes. Boka, eller snarare heftet, er omsett til norsk og

publisert i eit jubileumsskrift i høve 20-årsmerkinga til Kobberverkets Venner i 1999: «De materielle kår blant våre arbeidere er klart bedre enn for arbeidere ved mange andre foretak», skreiv direktøren mellom anna. «Losjiet er for arbeiderne vanligvis gratis. Trevirke som er til overs fra byggearbeider og eldre trevirke fra gruven, overlates gratis til arbeiderne for oppvarming». Barna hadde gratis, obligatorisk skulegang fram til konfirmasjonsalder, ti månader i året. Tre gonger i veka var det dessutan gratis kveldsskule for arbeidarar som ville læra lesing, skriving og rekning. Bibliotek, skyttarlag, sangkor og gym kvar søndag var andre fritidstilbud som skulle halda arbeidarane i området, «for å hindre at de drar andre steder og drikker opp pengene sine».

Vigsnes Kobberverk vann ut kopar, sink og svovel, og hadde særslig moderne utstyr og maskineri for si tid. Men det var nok hardt arbeid nede i gruvegongane, fleire hundre meter under bakken. Arbeidsdagen var frå seks om morgonen til seks om kvelden, med fråtrekk av matpausar og kvile på to timer. Denne tida kunne nyttast oppe i dagen. Dei tilsette hadde bergmannsdrakt utanpå sine eigen klede; busserull og bukser av sterk lerretsduk. «Belysningen i gruvene skjer med store vokslys i kjøregangene. Disse er spesiellaget for formålet. For nødvendig arbeidslys har arbeiderne lamper der en benytter renset fiskeolje», heiter det i boka eller heftet signert direktør Charles Defrance.

Me veit altså at Knut jobba på verket i 1890. Dette var ikkje noko godt år for gruveselskapet. Defrance, som ikkje lenger budde på staden, vart i november varsle om at drifta sto i fare for å verta avvikla. Årsaka var dårlig malm og mørke framtidutsikter, går det fram av eit brev frå leiinga på staden. Det vart også fortalt om dårlig vær utover hausten. I over to månader hadde dette vore til hinder for arbeidet – «da det har regnet og stormet omtrent uafsladelig, sådant Veir har vi ikke hatt her endu i de 7 år jeg har været her», skreiv den lokale gruveleiaren.



Knut utanfor stova på Hovland, saman med kona Serine og yngstesonen Karl Severin, eller «Kalle-mannen». Foto frå Leidarsteidn 2008

Eksakt fire år seinare vart gruvedrifta nedlagt. Eit industrieventyr var over, og ein småby vart plukka frå kvarande og spreidd for alle vindar. Knut og familien hadde allereie reist vidare og gjort bømlingar av seg, og så langt me veit drog han ikkje tilbake då det vart ny gruvedrift på Visnes igjen frå 1899. Denne drifta holdt fram til i 1972.

Kjelder:

- Erling Osland: Gruve-driften på Vigsnes 100 år.
- Utgjevar: A/S Vigsnes Kobberverk, 1965. 2. opplag: Kobberverkets Venner, 1986.
- Vigsnes Kobberverk – «Skikkelse i liv og lagnad».
- Utgjevar: Kobberverkets Venner, 1999.
- Nils Henning Vespestad: Frå Bråskot til Bømlo – Soga om «Minare-Knut'n». I Leidarsteidn 2008.
- Arnvid Lillehammer: Bygdebok for Karmøy. 2: Avaldsnes. Utgjevar: Bygdebokutvalget i Karmøy, 1993.
- Kari Shetelig Hovland: Bømlo bygdebok. 3: Gards- og ættesoge for Bømlo sokn. Utgjevar: Bømlo kommune, 1972.
- Digitalisert folketeljing frå 1900.
- Digitaliserte kyrkjebøker for Finnås prestegjeld og Avaldsnes prestegjeld, Nasjonalbiblioteket/Digitalarkivet.

Knud Osmundsen Hovland 85 aar

Denne omtalen vart publisert i Haugesunds Dagblad i mars 1936, i høve 85-årsdagen til «Minare-Knut'n».

Knud Osmundsen Hovland fyller 85 aar den 5. mars. Han er født på gaarden Broskaat i Aakrefjorden, Sunnhordland.

Da han var 9 aar begynte han som gjetergutt på en fjellgaard i Urtedalen, og var i denne gesjeft paa flere gaarder i Aakrefjorden, til han blev konfirmert i Skaanevik. Knud Hovland reiste da til Sandeid, og tjente som dreng der i 9 aar, derav i 5 aar hos Gudmund Haaland. Han flyttet derfra til Ølen hos lensmann Abel Boksnes, hvor han var i 2 aar.

Derfra kom han til Leirvik, hvor han senere blev gift med Serine Olsdatter Gramshaug, Tittelses. Efter at han kom til Stord arbeidet han med sten og mur, i gullgrubene, ved Løkling, i kalkbruddet på Moster. Senere kom han til Bømlo og blev boende der i hele 40 aar. Fremdeles drev han paa med stenarbeide, husgrunner, loddpiper i hundrevis murte han ute paa øyene og inne i Sunnhordland. Mange er de arbeider han har utført i disse 40 aarene, av brygger, kaier, sjøhusmurer. Det er et stort under at armene henger paa kroppen, sier han selv. I en aarrekke deltok han i sildefisket, derav nogen aar med eget fartøi. I de siste 10-11 aar gar han vært kirketjener og graver. Han sluttet med dette for et aar siden.

Hans hustru døde for 8 aar siden, og av deres 10 barn er 3 døde. En sønn er bosatt i Amerika, 1 i Valestrand, 1 paa Framnes i Vikebygd, 1 datter i Bergen og 2 døtre og 1 sønn paa Bømlo. En datterdatter steller for ham nu.

Knud Hovland er fremdeles rask og rørig. Han leser med briller sitt Dagblad og følger med i dagens nyheter og spørsmål. Bestemoren blev 103 ½ aar gammel, saa han har godt folk aa slekte paa ogsaa hvad alder angaa.

I det vi nu faar kalle «gamle dager» var det gamle «Ryfylke», «Vikingen» og «Folgefonden» som enkelte ganger underholdt forbindelsen med Haugesund som nærmeste by. Men folk reiste jo ofte paa bytur med egne baater, naar de skulde gjøre «storhandel», og om en slik tur som nær hadde kostet Knud Hovland livet forteller han med en livfullhet som om det var skjedd igaar.

Da han paa denne tur hadde rodd sig litt nedenfor Espevær røk det op med en svær nordvestkulning av verste slag. Sjøen og strømmen blev saa svær at det var uraad aa ro inn til nærmeste land. Han maatte drive for været. En liten stund laa han i ly av Ramsholmene, men da han befant sig midt paa Sletten, mistet han kjeipen og den ene aare. Heldigvis hadde han to par aarer med, ellers hadde det ikke sett rart ut. Han maatte den hele tid «kaate» og streve med aarene, for aa holde styring paa baaten. Der for forbi enkelte større fartøier som skulde til Haugesund, men han fikk ikke tid aa vinke etter hjelp, da han hadde sin fulle hyre med aa holde styring paa baaten, saa at den ikke skulde fylles. Da han endelig naadde Haugesund, fløt tiljene i baaten. Da haugesunderne spurte hvor han kom fra, og han svarte han kom fra Lykling, trodde alle at det var opspinn, men det ble bekreftet av de fartøifolk som passerte ham paa Sletten. Han sier at det var et Guds under at han kom fra det med livet. Han trodde aldri at han hadde sett land mer.

Over 40 aar er gaatt siden denne tildragelse hendte, men enda staar det i like friskt minne hos den gamle. Hans mange venner baade i Bømlo og Sunnhordland vil nok sende hedersmannen Knud Hovland en vennlig tanke og hilsen i anledning 85 aars dagen. Vi ønsker den gamle en lykkelig og lys livskveld.

Flere venner



Knut Hovland døyde i februar 1937, og vart gravlagt på Eide. Eit knapt år tidlegare hadde venene hans heidra han med ein fyldig omtale i høgreavisa Haugesunds Dagblad.

Foto: Bernt Emil Vika

Herdis og Ågen

– kremmarar med fart og gode kundar

Tekst: Astrid Elin Lønning

I 1951 stod Herdis konfirmant og hadde vore i Haugesund for å kjøpa seg ny veske og pennal klar for å gå på framhaldsskulen. Draumen var å verta sjukepleiar. Men slik skulle det ikkje gå. Eldstesøstera, Ingebjørg, hadde i mange år drive familiebedrifa. No hadde ho gifta seg og venta barn, og det var Herdis sin tur til å overta som krambujente, mjølka kua og ta seg av dei gamle foreldra. Løna på 150 kr månaden måtte ho dela med søstera Ingebjørg som stod for bokføringa. – Eg måtte spara pengar i månadsvise for å kunne reisa til Haugesund og kjøpa meg ny kåpa, seier Herdis.

Inne på den gamle krambua, der Herdis starta arbeidskarrieren, hang dei lange underbuksene, oljehyrene og kjeledressane i taket. Kassane med

brød og parafinen stod side om side på golvet. Sirup, smør, mjøl og sukker vart selt over disk i den gamle krambua i Bømmelhavn. Herdis kan fortelja at vareutvalet i 1951 ikkje akkurat var 2019 standard.

Dei fleste kundane dreiv småbruk og var sjølvforsynte med egg, poteter, mjølk, fisk og kjøt. Dei som kom til butikken, kom for å handla det dei trong, og det var ikkje så mykje. Men sirup og sukker, det måtte alle ha. Sirupen kom i tonner og kundane hadde med eigne glas dei kunne ta med sirup heim i. Alt var i laus vekt, ingenting var pakka inn. Skulle ein ha salt, natron, hjortesalt så måtte ein ha med tomgods på butikken. Grønsaksdisken var sparsommeleg. Den bestod av gulrot, kålrot, hodekål og lök. Folk var mest sjølvberga av det grøne. Kanskje var ikkje 50-talskosthaldet med smør, sirup



Gammalt bilete frå Bømmelhavn. Til venstre ligg "Bua". Huset midt i biletet var vertshus. Til høgre kan ein skimta butikken ("Buldstovana") og bakeriet. Foto ftå Kjell Lønning



I ein periode gjekk 17.mai-toget her i bygda nedom Bømmelhavn. Kristine Andal (Kristina på Neset) hadde tydelegvis ikkje fått med seg at det var 17. mai og hadde tenkt seg eit ørend på butikken. Ho måtte gå "slukøra" heim. Foto frå Kjell Lønning

og sukker på kveiteskiva verdas sunnaste? Kosthaldet no til dags inneholdt meir frukt og grønt.

– Me hadde jo toalettpapir og andre luksusartiklar, men det kunne gå eit halvt år før ein fekk selt 12 rullar, ler Herdis. – Det var jo berre for sjuke folk.

Til jul vart det kjøpt inn steintøy og andre gáveartiklar. Det var stas. Herdis har fleire fat og skåler i skapet som er kjøpt i Hav'n.

Brød var også ei viktig vare. Det var få som baka sjølv. Omnane hjå folk flest var ikkje så gode til dette. Brøda fekk ein lenge frå butikken på Zahlahuset. Etter at handelen der vart nedlagt i 1958 fekk ein brød frå Hauge og Lindås i Haugesund. Desse kom med båt til Zahlahuset annankvar dag. Ferja kom så seint som 16.30 og etter dette kom alle kundane og skulle ha ferske brød. Det var eit styr for Herdis å få brøda heim. Det var ingen fast skyssordning i starten, og då var det til å fri til ein med hest. Davidsen, frå Hovland og namnefar til Davidsbrekka som me akar og står på ski i, var ofte veldig grei og kjørte kassane med brød heim. I Dalen sat både Davidsen og Andoren og bøtte på garn,



Ungdomsbilete av Åge Lønning.
Foto frå Herdis Lønning



Bømmelhavn i 1966. Den nye butikken til venstre. Foto kjøpt fra Jahn Ottesen historisk fotoarkiv og forlag

og Herdis måtte innom desse karane for å fri etter hesteskyss til brøda.

– Du skulle sett når hesten til Davidsen tok ut, fortel Herdis. Kjerra var full av brød og tørrfisk. Hesten vart heilt gal og tørrfisk og brød låg slengt langs vegen. Hesten sprang som galen, og Davidsen fann hesten stående oppmed oljetanken ovanfor tankkaien.

Då bilen kom til Søra Bømlo i 1951, vart det fart i saken. Då kunne Celiusen kjøra brød og varer til Bømmelhavn. Det vart mange tunge løft for dei to. Å løfta spann på 50 liter med mjølk og andre varer var kvardagkost for Herdis og Celiusen. Kvar måndag kom heldigvis M/S "Bella" og leverte varer

direkte til Bømmelhavn. Den hadde også med seg kraftfor til dyra og smørrolja til båtane. Båten kom tidleg om morgonen, ein gong mellom 07 og 09. Herdis kunne ligga i senga og høyra at "Bella" tuta før ho heiv på seg kleda og sprang ned for å ta i mot "Bella".

Det lukta nok litt annleis på krumbua i Hav'n enn på dagens butikkar også. Best av alt likte Herdis når fiskarane skulle barka bomullsgarna sine. Då kom fiskarane for å kjøpa tjøre og kattek. Dette varma ein opp i ein stor kjele i det gamle bakstehuset, som stod ved sida av butikken. Denne blandinga lukta heilt fantastisk.

Kundane kom stort sett frå garden. Det var ingen privatbilar, og alle gjekk for å handla. Då var nærleiken til krambua viktigare enn pris og labels. Båtane som var heimehøyrande i Bømmelhavn provianterte også på butikken. Opningstidene var frå kl 09-18. Klokka 12-13 var det middagspause.

– Det var ikkje alltid like mykje å gjera på, så det hende at me hadde tid til å brodera eller strikka, minnast Herdis.

Butikken var full av ungdommar, mest mannfolk. Kanskje det var den unge krambutausa dei flokkar seg rundt? Her var jo sjølvsagt Kjell ein flittig gjest, men også Arnfinn i Luten, Arthur til Gustaven, Magne og Trygve på Løning, og sjølvsagt Kurten. Alle kom innom og tok ein røyk. Når det var roleg, tok dei gjerne eit slag kinasjakk med ekspeditrisa. Herdis likte så godt kinasjakk at når ho kikka på stjernene på himmelen leka ho at det var kinasjakkuler ho såg og hoppa i veg.

Småkjærastane til Herdis prøvde stadig å gjera inntrykk på krambujenta. Kjell og Kristian Lønning henta Herdis og bar ho om bord i sjekta og sette ho i land på fyret. Då ho kom trippande tilbake i pumsa arva frå mora, stod kundane og venta og ville le seg mest i hel. Ja, ein gjekk ikkje akkurat i helsesko på jobb i dei tider. Det skulle jo helst vera fint. Ein annan gong heiv dei henne i ein brødkasse. Brødkassane var no eit kapittel for seg sjølv. Varme brød som vart hivne oppi trekassar slo seg, og kassane vart heilt svarte av mugg inni. Der sat Herdis. Dei heiv ho på ei tralle og kjørte ho bort til tankkaien. Ho skulle om bord i ein båt. I draget frå bølgene til ein annan båt heldt dei på å mista heile Herdis på sjøen.

– Me hadde mykje løye, minnast Herdis.

Det var ikkje berre butikkarbeid på den unge ekspeditøren. Heime låg Per'n i Hav'n og Esther (foreldra). Per'n i Hav'n heitte eigentleg Peder, men det var så vanleg namn at han vart heitande Per'n. Foreldra var sjuke og trong stell. Søstrene gifta seg, og kua måtte mjølkast. Det var lange dagar på Herdis. Storebror, Åge, var på sjøen i fraktfart med M/S "Haraldson". Helsa hans var ikkje heilt bra, og livet på sjøen blei for tøft. I 1961 vart det bestemt at han skulle heim og overta butikkdrifta. Herdis overtok hovudansvaret for Ester og Per'n og hjelpte til på krambua når det var mogeleg.
– Eg hugsar godt telefonen frå Åge i førjulstida:

– Herdis, no er grisehovuda komen!
Då var det berre å hiva på seg skoa og gjera seg klar. Åge var litt kresen, å sjå på dei hovuda fekk han til å mista matlysta.

I 1965, same året som Herdis og Kjell gifta seg, bygde Ågen ny butikk. Stort og fint, syntest alle. Framleis fekk ein varene over disk. Bilen, ein raud Ford Anglia, kom til Hav'n. Herdis kan hugsa at Per'n i Hav'n (faren) var sengeliggjande og därleg, men akte seg opp for å sjå på herligheten som var komen til Hav'n. Seinare var det ein blå og brun Taunus før eit ukjent antal Volkswagen dreiv varetransport til og frå Hav'n.

I 1976 skjedde det store endringar. Det vart sjølvbetjent butikk med mjølkekjøle, eigne kjøler for fisk, kjøtt og frukt. Til og med handlekorger på hjul. Vareutvalet vart stadig større. Framleis handla dei fleste kundane på krita og betalte varene ein gong i månaden. Det gjorde det ofte vanskeleg økonomisk, for varene måtte betalast ved levering.

Ågen var kjent for fart og temperament. Ikkje det at det låg noko vondt i diskusjonane. Men det rauk litt når det vart bestilt feil, eller om det ikkje kom det som var bestilt. Tenk om ein fekk for mykje av noko og vart sitjande att med alt for mykje mjølk eller brød. Eller enno verre, tenk om ein gjekk tom og kundane ikkje fekk det dei skulle ha. Ågen var berykta hjå Hauge og Lindås i Haugesund:
– Det er fyr i Bømmelhavn! sa dei. Heldigvis gjekk det fort over, og som regel ordna ein opp slik at alle fekk det dei skulle på eit eller anna vis.

Ågen var ein populær handelsmann hjå ungane. Det var ikkje sjeldan at ein kunne få ein sjokoladeplett, Bygg eller Rigelsjokolade hos Ågen der han sprang mellom proviantering og varelevering.

Genetikken hadde gjort det slik at det tidleg vart tomt for hår på toppen hos Ågen. Dette løyste han på ein god måte. Han let det gro på sidene, og så surra han det lange fakset rundt toppen og fikserte alt med Dreamy hårspray. Mest ingen kunne sjå at under hua låg tidenes hentesveis. Problemet var når det bles og ikkje minst når han skulle ut og inn av bilen med varer.

Herdis vart etter mange års venting mor i 1971. I dei første åra var ho berre i Hav'n i høgtidene og



Åge Lønning.
Foto frå Herdis Lønning



Herdís Lønning i midten, saman med medarbeidaranane Reidun Vespestad til venstre og Anne Vold til høgre.

når Kjell var heime. Mange dyktige medarbeidarar hjelpte Ågen. Her var Anne Berit Lønning, Kari Lodden, Krisbjørg Vespestad, Anne Grete Vold, Nancy Westerheim og fleire med.

Etter kvart var Herdis meir i sving og Herdis og Ågen jobba saman. Søstera Esther var også med på leiken og sjølvsgart var det mange av niesene og andre slektingar som hadde sommarjobb i gesjeften. Tvillingane, Lillian og Elbjørg, Ann Helen, Esther Karin, Gunnvor og Mie, Rigmor og Astrid Elin hadde sine første jobbar i butikkbransjen og fekk opplæring med vaskekosten.

Ekstratilbod vart etter kvart også populært. Då kom stensilmaskinen til Hav'n. Ein fann fram gode tilbod og teikna etter beste evne på eit stensilark som ein rulla gjennom stensilmaskinen som kopierte tilboda til kundane. Spritlukta hang tungt i Hav'n på stensileringsdagane. Ein fast gjengangar var tilbod på Luff. Rettskrivinga kunne av og til vera så som så, og kundane kom mange gonger leande til Hav'n med lappen frå postkassen.

Kundane kunne då som no få varene "Godt levert" på døra. Onsdagar og fredagar kunne dei ringe nummer 9 og bestille varer. Mange gonger kunne nok krambujentene bestillingslista utanboks. Mangen god latter kunne ein få når det kom "Amerikanarar til bygdo". Kvar sommar når dette skjedde, var det svært viktig at tomatene og potetene var av beste sort. Kotelettene måtte også vera fine. Og det var ikkje snakk om å koma med noko anna enn "Makaløs" sild. Ein måtte ikke tru at gaffelbitar kunne erstatta Makaløs.

I 1992 døydde Ågen etter kort tids sjukdom. Herdis overtok drifta av Peder Lønning og Co medan alle søskena var eigalarar. Reidun og Torill Vespestad, Heidi Lønning, Anne Vold og Esther Lønning var viktige medhjelparar for Herdis.

Det var kaldt i butikken på vinteren, og ein måtte kle seg godt. Inne på kontoret fyrté ein godt, og ein hadde gode diskusjonar om ein



Fest for kundane med frukostservering. Foto: Heidi Sætre Lønning

trong 12 eller 14 langbrød, og om dei grove var best med eller utan sirup. Kjell som etter kvart var meir og meir heime køyrd varer og laga lunsj. Kvar dag kosa dei seg med ferske brød og rundstykke.

Om sommaren vitja turistbåtar Bømmelhavn. Det var kome gjestebrygge, og båtturistane bunkra og handla. Det var ikkje i solskin at det var flest båtar i Bømmelhavn. Det var når det ble friskt over Sletta at handelen var best.

Kvart år hadde dei tilsette nokre høgdepunkt. Det var når ein skulle ha fest for kundane. Dei første åra var det grilling, kor leverandørane kom på besøk og viste nye varer. Tenk dei hadde ekte saftmaskin i Hav'n, akkurat slik ein hadde hos "Kvikjen" (cafe og fast samlingspunkt for bömlingar i Haugesund). Seinare vart det frukostservering. Då rydda ein lageret og laga langbord og serverte frukost heile dagen. Andre årlege høgdepunkt for dei tilsette var juleavslutninga. Då vart det servert snittar så langt auga kunne sjå, og så var det julepresangar som Herdis hadde kjøpt til dei tilsette. Her vanka det fine kunstferdige skåler og vasar.

Dramatisk kunne det også vera å henta varer. Herdis var på veg til ferja, og på veg nedover bakken frå bensinstasjonen såg ho plutsleig eit



Herdís Lønning er klar med frukost til kundane.

Foto Heidi Sætre Lønning

hjul som trilla forbi folkevogna. Litt omtåka kunne ho konstatera at det var det eine hjulet som var på ville vegar.

I 2002 la Herdis inn årane som handelsmann. Ho var blitt bestemor og gikta var ikkje alltid like god.

– Eg er glad at eg slapp stengja døra, seier Herdis.

Magne Eidesvik med familie tok over drifta og heldt hjula i gong i Hav'n til 2007. Då var det kroken på døra.

Me som har vakse opp på Løning og i Hav'n kan nok seia at me er glad for at ikkje alle trailerane susar nedover bakkane, men me saknar livet, kaffikoppen og den gode tonen og dei gode møta me hadde i Hav'n. Eit kapittel er avslutta i landhandlarhistoria med røter frå 1600-talet.

Kjelder:

Bømlo bygdebok

Kristine Sele: Meir enn sirup

Intervju med Herdis og Kjell Lønning

Faktafil:

- 1636 Bømmelhavn får rett til å vera fiskevær med handel
- 1657 Knut Iversen Gram er første fastbuande kremmar i Bømmelhavn. (Han er son til den velståande futen Iver Knutsen Gram som var fut på Huglo. Futastova på Sunnhordland Museum var stova til futen.)
- 1712 Jakob Jensen Brose overtek handelen. Seinare dømd for overfall og slagsmål.
- 1731 Jonas Budde driv handelstad i Bømmelhavn og i Espenvær. Også han vart dømd for ”lösaktighet” og ”besværgret” tenestejenta og må tole både bot og refs frå kyrkja.
- 1761 Ole Lydersen Holm kjøper Bømmelhavn og driv handel.
- 1777 Enok Berle er nemnd som priviligert gjestgjevar i Bømmelhavn.
- 1778 Berle går konkurs og staden vert liggjande aude. Espenvær overtek som sentrum.
- 1804 Velståande Paul Samsonsen Handeland overtek handelen og gjer det godt på det gode sildefisket. Byggjer saltebuer, bakeri og gjestgjevarstad.
- 1866 Dampskipet ”Vikingen” anløper Bømmelhavn to gonger i veka.
- 1896 Wollertsen kjøper Bømmelhavn fokuserer på jordbruket. Zahlahuset har si storhetstid.
- 1900 Fiskeriet går dårlig og bakeriet i Bømmelhavn stengjer dørene.
- 1916 Brørne Severin og Peder A. Lønning kjøper Bømmelhavn.
- 1935 Peder Å Lønning startar landhandel saman med brørne Kristoffer Å og Severin. Krigsåra. Avtale med Shell om å selje olje og det vart bygd kai.
- 1951 Herdis er konfirmert og startar som krambujenta.
- 1961 Ågen overtek butikken.
- 1965 Ågen byggjer ny butikk.
- 1976 Butikken vert sjølvbetjent.
- 1992 Åge døy og Herdis overtek drifta.
- 2002 Herdis vert bestemor og avsluttar etter 51 år i bransjen.
- 2002 Magne Eidesvik med familie kjøper butikken.
- 2007 Peder Å Lønning og Co stenger for godt.

Ring avis! Me har fått fartsgrenser i bygda!

Av Nils Henning Vespestad

Må du framleis trø litt ekstra på bremsene når du kjører gjennom 30-sona i Kåso? Tenk i så fall kor stor overgangen var då bygda fekk sine første, skilta fartsgrenser!

«Endeleg fartsgrense ved Langevåg» fastslo Bømlo-nytt 8. april 1976. Det hadde gått snart 16 år sidan det var fritt fram for alle i Norge å kjøpa eigen bil, og no hadde det skjedd noko heilt spesielt i trafikkbiletet i søre delen av Bømlo kommune. To runde skilt, med raud kant og talet 50 på kvit bakgrunn, var på plass «ved drosje-eigar Olson sitt bus». Lokalavisa rykka ut, og dokumenterte det heile med tekst og bilet.

«I forrige veke sette Vegstellet opp dei lengste etterlengta fartsgrenseskilta på strekninga mellom Bømlo kyrkje og den nye ferjekaien i Hovlandshagen. På denne strekninga har det tidlegare ikkje vore nokon skilting, slik at trafikken i røynda heldt ein fart på opp mot 80 km/t. Dette var altfor stor fart på det relativt smale og mykje beserda vegstykket, og folk har vore redde for kva som kunne koma til å henda», skreiv Bømlo-nytt mellom anna.

Avisa poengterte at strekninga var skuleveg for ikkje så reint få skulebarn, og at trafikken over Hovland hadde auka etter at ferjekaien vart flytta til ytterst i Langevåg 1. september 1975. Mange stikkvegar munna dessutan ut på vegen, og ein del av desse var svært uoversiktlege.

Ingen humpar i vegen

50-sona gjeld framleis, men 30 kilometer i timen er det fortaste du kan kjøra gjennom sentrum av bygda, eller Kåso, mellom bedehuset og Olsahuset. Fleire solide fartshumper minnar deg på å bremsa

Forsiden til Bømlo-nytt 8. april 1976. Tittel: BØMLO-nytt. Nummer: NR. 14. Dato: TORSDAG 8. APRIL 1976. Reklame: FORSIKRING, Sparebanken Bømlo, Bremnes og Moster Sparebank. Artikler: 'FORSØPLING' om endring i fartsgrense ved Langevåg; 'ENDELEG FARTSGRENSE VED LANGEVÅG' med bilde av skiltet; 'STORE MENGLER OLJESØL' med bilde av oljesøl; 'Kallane i Ola-dalen' med bilde av teaterlaget. Side 2: 'Frå formannskapet' med innlegg fra formannskapet om kommunalpolitisk situasjon og arbeid med lokalpolitisk utvikling; 'Skjergardsnamin frå Bremnes' med innlegg fra Bremnes om interesse for Skjergardsnamin.

Faksimile av forsidesida til Bømlo-nytt torsdag 8. april 1976. Som ein ser har lay-outen endra seg sidan den gong.

ned til lovleg fart. Det fantes derimot korkje fartshumpar eller gang- og sykkelvegar då dei første fartsgrensene i bygda vart skilta for snart 44 år sidan. Skulebarna gjekk i vegkanten, og måtte lita på at bilistane tok hensyn. Gang- og sykkelvegen frå kyrkja til Lønningskrysset sto ferdig først tidleg på 1990-talet, medan utvidinga ut til Bømlo Bil kom nokre år seinare.

«*Befolkinga i Langevåg-området er – naturleg nok – svært takksame for denne reduseringa av fartsgrensa. Om ikkje vegstandarden er betra, vert det i alle høve mindre færleg å ferdast til fots og på sykkel når bilane no må halda mindre fart*», heiter det i artikkelen i Bømlo-nytt våren 1976. Her går det fram at 50-sona gjekk dei første husa når du kom til Langevåg frå nord, og over Hovland. Lengst aust på Hovland vart det skilta 60 kilometer i timen, og dette gjaldt ut til den nye ferjekaien. Denne vegstrekninga vart bygd då ferjekaien skulle flyttast frå Kåso. I 1983 vart det bygd veg vidare ut mot industriområdet i Hovlandshagen, der ein i dag, meir enn 35 år seinare, jobbar med å realisera ei fiskerihamn.

Ei fartsgrense vil seie den høgaste tillatne kjørehastigkeit på den aktuelle vegen eller gata. Norske fartsgrenser vart fastsett i vegtrafikklova av 18. juni

1965. Innføringa av dei lokale fartgrensene i 1976 var i grove trekk i tråd med dei tilrådingane formannskapet i Bømlo kommune fekk av trafikksikringsutvalet i januar 1975. «*Trafikksikringsutvalet meiner at det med den aukande trafikken som det nye ferjeleiet i Langevåg vil føra med seg, er det naudsynt å søkja om fartsbegrensingar der*», oppsummerte Bømlo-nytt den gongen. Tilrådinga var 60-sone frå ferjekaien til busetnaden på Hovland, 50-sone derifrå og fram til Bømlo kyrkje, og deretter 60-sone opp til innkjøringa til Lars Vika. I realiteten starta, eller slutta, 50-sona midt mellom kyrkja og den nemnde innkjøringa.

Fortast opp til skiltet

Ved juletider i 1980 vart 50-sona utvida eit lite stykke nordover, og forbi den krappe svingen. Dette var i samband med at det vart innført nye fartsreguleringar og skilting ulike stader i kommunen. Ti av desse var langs dåverande riksveg 541, det som i dag har status som fylkesveg 50-sona vert framleis oppheva om lag på same stad.



Bømlo-nytt sitt bilete av dei nye 50-skilta på søre Bømlo i april 1976.
Til høgre innkjøringa til drosje-eigar Olav Olson sitt hus.



Den same staden fotografert drøyt 43 år seinare. Mykje har skjedd med vegstandarden sidan sist. Foto: Bernt Emil Vika

Herfrå og nordover Vikaslettå er det 80 kilometer i timen som gjeld.

Så skal det seiast at trafikantane ikkje alltid har halde seg til dei skilta fartsgrensene, på Bømlo som andre stader. Mange unge sjåførar har opp gjennom åra testa kva bilane deira er gode for, nettopp på Vikaslettå – også før den store vegutbetringa som gjorde møteplassar overflødig. Asfaltstripa var smal, men i mørket var det lett å sjå om det kom bil imot. Dessutan var lensmannskontoret sjeldan på søre Bømlo med laseren sin, og ein opplevde gjerne at ryktet kom fram til bygda lenge før patruljebilen.

Ein annan berykta fartsdistanse har vore bakken opp frå ferjekaien til vegskilta like før Bømlo Bil eller «bilverkste» – som flytta inn i sine noverande lokaler våren 1986. Jo høgare fart «til skiltet», jo sprekare bil og tøffare sjåfør. I denne bakken var det altså 60-sone frå starten av i 1976. Fem år seinare diskuterte politikarane i Bømlo om ein skulle utvida 50-sona heilt fram til ferjekaien, etter ein søknad frå Olai Hovland. Både teknisk utval og formannskapet i Bømlo kommune sa nei, og såg det ikkje som formålstenleg. «Rådmannen er heilt samd med teknisk utval sitt vedtak. Han meiner at skilting med lågare fartsgrense på denne strekkja berre vil koma til å virka mot si mening: at bilistane framleis ikkje kjem til å respektera skiltinga om nedsett fartsgrense på denne smale og hardt trafikkerte riksvegen», oppsummerte Bømlo-nytt.

I dag er det derimot skilta 50-sone heilt frå ferjekaien til høgresvingen nord for kyrkja, med unntak av strekninga gjennom Kåso. Den såkalla



I dag er det 50 kilometer i timen som gjeld på søre Bømlo, med unntak av strekninga gjennom Kåso. Foto: Bernt Emil Vika



Mange har sjekka kor spreke bilar dei har på strekninga mellom ferjekaien og desse vegskilta. Foto: Bernt Emil Vika

miljøgata, med 30-sone og opphogde gangfelt, kom i samband med at Langevåg bygdatun sto ferdig i januar 2005. Bømlo-nytt omtala dette trafikktryggleikstiltaket for første gong i mai 2003. Men det vart aldri førstesidestoff – som då Langevåg fekk sine første fartsgrenser 27 år tidlegare.

I dørgløtten til storhavet

Espevær – eit velstelt og blømande øysamfunn som er på god fot både med hav og gråstein.

Denne teksten stod på trykk i Haugesunds Avis 1. juli 1961 og er skiven av Kristian Magnus Vikse

Han hadde ein god idé, den mannen som for mange, mange år sidan slo seg ned på ei av øyane vest for sørspissen av Bømmeløya og vart den første espeværing. Kven han var og kvar han kom frå er ikkje godt å vita, men ein eller annan må ha vore den første.

Espevær har sidan ikkje vanta folk eller gode idéar. Dei har dukka opp i generasjon etter generasjon og ført øysamfunnet framover. Tronge tider har det saktens vore her som andre stader. Men etter at vi har tala med folk i Espevær, har vi fått inntrykk av at dei gode åra har vore i fleirtal.

Korleis er det så i dag?

Her om dagen rusla vi kring mellom husa nokre timer, og sjølv om vi ikkje tok føre oss likninga, så torer vi seia at ingen lid naud på Espevær. Blide, trivelege menneske kor vi vende oss, hageflekkar som spraka av fargar, og små og store heimar med skinande ny måling. Ja, det såg mest ut til at husmålinga held seg mykje betre i havlufta her ute enn nokon stad elles – kan hende er det ikkje meir enn rimeleg – for gatestøv finst ikkje, og det vesle grandet med vegstøv som er, bles bort med sørvesten eller nordvesten.

Espevær er ein klump med øyar. Den største av dei - der det bur mest folk - kallar dei for "fastlandet". Elles bur det folk på eit par av dei andre øyane. Det eldste sentrum var Holmen, eller Baade-holmen, som han heiter mellom espeværingane. På Holmen står det eit stort, dominante, raudt trehus

i fleire høgder. Det kunne godt ha vore både rådhus og bank, men er sett opp av den bergenske forretningsmannen Albert Gundersen, som i si tid flytte ut her etter råd frå lækjaren sin. Gundersen åtte heile Holmen. I dei siste åra av livet sitt budde han i Haugesund. Frå Holmen dreiv Gundersen ei mangfert verksemnd. Han sytte for bakeri, handel og telegraf der, og saman med Ole og Berner Garvik kosta han seg sluppar til dorgefiske. Sidan vart sentrum lagt til "fastlandet". Det er til dømes 42 år sidan telefonstasjonen flytta over sundet.

Dette som vi skriv her, har vi fått visst av to gamle i Espevær, Lars Eiken og Størk Størksen. Eiken var 80 år 19. juli og fortel at han var så skral i fjor at han var redd for å stryka med. Det skal ingen kunna sjå på han. Den livlige karen boblar av liv og skjemt, men skifter i neste augneblinken over i alvor – men berre for nokre sekundar, så lyt smilen fram att. Vi sit i stova hans, saman med kona, Anna, som er



Lars og Anna Eiken.
Foto fra Ellinor Eiken Størksen



Espærøya 1966. Foto kjøpt fra Jahn Ottesen historisk fotoarkiv og forlag



Espærøya 1961. Kaien med butikken. Foto fra Nasjonalbiblioteket

frå Larvik. Eiken sjølv er født i Sveio, men kom til Espevær som smågut. At han fekk kona frå Larvik, har seg slik at ei tante av henne gifte seg med ein av Garvikane og flytte med han ut til Espevær. Frå denne tanta fekk Anna brev og lovnad om at så snart ho vart vaksen, skulle ho få koma til Espevær og hjelpe til i huset. Og då ho var 16 år, drog ho vestover. Tre år etter gifte ho seg med Lars Eiken. Enno har ho mykje att av austlands-tungemålet sitt, Anna Eiken, men ho trivst godt og har aldri angra på at ho drog ut i havgapet.

Vi har klart oss godt her ute, seier Lars Eiken, og det er sant. Han har eit stort, fint hus, med sønene sine i andre fine hus like i nabolaget.

– Men vi har no streva for det, held han fram. Frå eg var 9 til eg var 22 var eg med far min og laga båtar. Vi kjøpte materialar og bygde 12 fots jollar med eikekjøl, malte og stelte – og fekk 35 kroner stykke for dei. Far tykte det var god betaling. Vi laga ein båt ferdig kvar veke.

Det som espeværingane kom seg opp med frå først av, var hummarfisket.

– Til Espevær kom engelskmennene og henta hummar, og folk frå ymse kantar kom for å levera til dei.

– Prisen var 40 øre kiloet i 1880-åra. No er han oppe i mest det ti-doble.

– Kva tok du til med då du slutta byggja båtar?

– Eg dorga makrell, mellom anna. Makrelldorginga tok til kring århundreskiftet. Det var Kristian Larsen som ein dag la merke til at dei svenske fiskarane dorga etter makrell, som dei nyttta til linemat.

Makrellen tok dei i Nordsjøen. Larsen kjøpte seg ei gammal Valdres-skøyta og gjekk i gang. Men han brukte ikkje makrellen til linemat. Han flekte, vaska og salta han om bord, og eksporterte til Amerika.

– Sidan fylgte mange etter. Dei kjøpte seg sluppar, der dei var 6 mann om bord. Sjølv var eg med i 12 somrar i trekk frå 1896. Vi gjorde det godt. Vi fiska i 8–9 veker frå slutten av juli og hadde ei mannslot på 400 kroner. Det var svære pengar den gongen.



Espevær 1966. I forgrunnen ser me Concordia og Hummerparken. Foto kjøpt frå Jahn Ottesen historisk fotoarkiv og forlag



Espevær 1961. Concordia og Hummerparken t.v. Foto frå Nasjonalbiblioteket

Etter nokre år kjøpte eg òg ein “engelskemann” (slupp) og vart skipper. Det året hadde eg lot på 750 kroner. Å du merakels for pengar det var! Eg gifte meg det året, og for loten kjøpte eg senger, møblar, dekketøy og alt vi trong, pluss ein stut til bryllaupsmiddagen.

- Det var vel seglbåtar til langt over hundreårs-skiftet?
- Eg kjøpte ein svensk motor i 1906, og var nr. 2 her. Sidan fylgde andre tett etter.

Ikkje mange metrane frå der Eiken bur, treffer vi den no snart 86 år gamle Størk Størksen. Han sit i verkstaden i andre høgda i sjøhuset og teljer teinespilar. Ved føtene ligg det ein stor haug med spon, som veks og veks.

- Eg må ha noko å hengja fingrane i, seier Størksen. Elles vert dagane så altfor lange. Og så har eg teke til med å laga teiner for folk. 25 kroner stykket får eg for dei.

På høvelbenken framfor han står det mange brakastubbar, gråmåla i eine enden. I ei krå ligg nokre greiner av vivendel. Brakastubbane vert kløyvd frå toppen og nedetter og nytt til spilar.



Størk Størksen saman med jentene Annbjørg Risøy, f. 1963 seinare gift Skretting og Mariann Risøy f. 1964, seinare gift Barane. Kjelde: Berta Fylkesnes Alvsaker



Espevær 1961. Skulen fra 1954 til høgre. Jensabuset i forgrunnen til høgre. Foto fra Nasjonalbiblioteket



Espevær 1961. Biletet syner Holmen med Baadehuset, Julius Sørensen si smie og Espærøy Slipp og Mek. Verksted. Foto fra Nasjonalbiblioteket

Vivendelen er seig og vert ringar.

- Teinekruner av brake og vivendel er bra, seier Størksen. Og til å bitta med må eg brukha nylon – folk vil ikkje ha anna.
- Du har vore i Amerika òg, har vi høyrt?
- Ja, for eit par og seksti år sidan var eg over og slava på farm i åtte år til saman. Men det var ikkje noko liv å skryta av sjølv om eg hadde det bra dei siste åra der borte. Nei, Espevær er mykje, mykje betre. Her kan du ta deg fri av og til.

Ein av dei første vi treff på Espevær er Lars Amundsen, som tek seg fri frå målararbeidet for ei stund og fylgjer oss kring mellom dei vakre husa der ute. Amundsen er varaordførar i Bømlo no – så Espevær har gode talsmenn i kommunestyret.

– Det bur 430 menneske på Espevær no, fortel Amundsen. Av Anna Eiken fekk vi vita at det var 18 hus og 18 familiar då ho kom hit i 1911, så utvikling har her vore.

Men det har gått attende med gardsbruket. Espevær var før delt mellom to gardsbruk – Andreas Amundsen og Olav Størksen åtte kvar sin halvpart av været. Dei som ville byggja, fekk bygsla. Men i mange år no har dei fått kjøpt grunn.

– Det er jord nok på Espevær til å fø 16 kyr, fortel Lars Amundsen. Det var 4–5 kyr på kvar av dei to brukna, og så var det nokre utanom som hadde kvar si ku til “husbruk”.

– Det er 7–8 år sidan den siste kua forsvann frå Espevær – no får dei mjølka med båten frå Haugesund. Den siste hesten før for 4–5 år sidan. Han hadde gode dagar på slutten – det var synd å seia at han sleit seg ut.

Espeværingane er gått over til sauher, får vi vita. Olav Størksen, som vi ropar til medan han sit og slipar longorven sin, seier at han ikkje har tal på sauene sine, men tippar det er kring 40.

Dei lagar ny gravplass på Espevær no, og Lars Amundsen fortel at dei gjorde eit interessant funn der då dei grøfta. Gravplassen ligg 8 meter over havet. Først grov dei bort om lag ein halv meter torvlag, og så kom dei til eit fleire meter djupt lag med skjelsand. Halvannan meter ned i dette skjelsand-laget støytte spaden mot eit svært bein – og så synte det seg at det låg ei beingrind av ein middels stor kval her – nokre av beina vart sende til Bergens Museum.



Lars Amundsen.

- Eg er viss på at den kvalen må ha lege der i mangfoldige tusen år, seier Amundsen.
- Nokre trafikkproblem på Espevær?
- Nei. Vi har 2–3 kilometer veg i alt, og driv på og utvidar no. Her er ein varebil. Før var her motorsykkel òg, men den er borte no. Men her er nokre syklar.

Vi hadde ikkje samvit til å halda på Amundsen så svært lenge. Det var slikt eit fint ver for husmåling, og slett ikkje sikkert at veret ville halda så lenge. Men han synter oss i allfall den eine av Bjelland sine to hummarparkar her ute. Parken tek 15.000 hummar på ein gong, og det er Lars Brekke som har passa hummaren i mange år. Brekke er også bygningsmann og har sett opp mange av husa på Espevær. No er han over 70 år og tek det litt meir “kuli”.

Etter kvart vert vi trøyte av å tråva kring slik. Vi låner oss ein færing og ror over til Rogneholmen, der vi finn nisteskreppa og saftvatnet fram og sit oss til å gumla i sjøhusveggen. Rundt i kring alle stader er det ein fantastisk flora av ville blomar. Vi går berre 10–12 meter frå der vi sit, og finn berre på ein liten flekk 22 blomar av ymse slag – og mange



Espenæs 1961. I forgrunnen Rognahuset. Foto fra Nasjonalbiblioteket

som vi ikkje kjenner namnet på. Av dei meir vanlege markblomane er det kløver og tirlitunga som setter farge i det grøne og grå.

I skildringar av idyllar langs norskekysten plar ein gjerne seia at “det er reine sørlandsidyllen”. For så vidt har vi noko sørlandsk både her og der på Vestlandet. Men eg trur vi skal leita lenge på Sørlandet for å finna noko slikt som Espenæs. Det er like som eit prospekt-kort alt saman. Og likevel trur vi ikkje noko prospekt-kort kan syna det som ein kan sjå her. Om du går på ein haug – den høgste her ute er 49 meter – og rettar fotolinsa i alle retningar så får du noko inn på plata både det eine og det andre som er verd å setja råma på. Men likevel er det mykje du ikkje får med.

For å sanka i hop alle inntrykk, lyt du travs langs dei smale vegane, klyva litt i klovane, kika inn mellom dei gneistrande nymåla husa, sjå over velstelte hagegjerder og setja deg på bryggjekanten. Overalt er det noko å leggja merke til. I hagane veks lupiner og keisarkroner, og skal liksom kappast med det som

natura av eigen fri vilje flymmer over av på engene i vegkanten. I sjøen piler småmorten ikring i store stimar, og ventar på glipen når det lid mot hausten.

Alt dette, og ennå mykje meir som du vil gøyma i minnet i lange tider, er øyriket her ute smekkfullt av.

Vi kan ikkje godt tenkja oss at det kan vera hardt på Espenæs, når vi sit i sjøhusveggen og solsteiken og gumlar på skjevemat. Vi veit jo at vinters dagen med nordkuling og vadlasletta kan vera temmeleg ublid. Men likevel trivst folk her då òg. Og når “det larar av blomar på strå” nyt dei dagen i dag.

Så la oss slutta denne reportasjen med ein liten setning som kom rett frå levra til teiknaren Østensjø, då han sat med ei skjeva i ein neve og koppen i hin og såg seg ikring:

– Detta e det jillaste eg har vore me’ på!

Kjelder:

Konsulent har vore Rolf Nesse

Litt om Ådno, Ådnahytta, unionsopplosning og norsk nøytralitetspolitikk

Av Bernt Emil Vika

Når ein snakkar om Ådno på Søre Bømlo, tenkjer nok dei fleste på staden der ”Ådnahytta” står, eller Mørkedalsfjellet som det offisielt heiter. Andre vil sjå for seg Ådno som heile det store ubebudde området heilt sør på Bømlo. Seier ein t.d. ”eg var på tur i Ådno”, meiner ein at ein gjekk omkring innanfor dette området kalla Ådno.


Naturen i Ådno er opne lystheiar med knausar og myrar. I uminnelege tider har folket på Kallevåg, Vestvik og Lønning brukta Ådno til beite for dyr, torvspading, bærplukking og sinking av lyst. Ein kan framleis finna restar av utløer og torvhus.

På austsida renn vatnet frå Ådno ned i Løningsvatnet. I bekken herifrå og ned til Kvednavika stod det lenge to kvernhus. Desse har no ramla ned, og berre steinmurane står att. Kvernhusa var i bruk fram til 1920-talet. På Kallevåg-sida stod det eit kvernhus i bekken frå Kvednavatnet og ned mot Kvednavika på vestsida. Også dette er no borte.

I sjøen utanfor Ådno har det alltid vore mange gode fiskeplasser. Her kunne ein både fiska ”husfisk” og ta større fangstar. Her var det også både hummar og krabbe. Så lenge det var lovleg, stod fleire store kilenøter langs landet om somrane. Laksen som gjekk seg fast i dei var ei fin inntektskjelde for dei som åtte nøtene og landet der dei var festa.

I Ådno finst det sjeldne planter som ein ikkje finn så mange andre stader her til lands. På 1970-talet gjorde professor i botanikk, Knut Fægri ved universitetet i Bergen, undersøkingar i Ådno og kom fram til at både plantelivet og heile det unike landskapet burde fredast. Etter som her var svært mange funn frå steinalderen, tok han også med store delar av søre Bømlo i fredingsplanen sin. Ei så omfattande freding som Fægri ville ha, vart det ikkje noko av.

Sørspissen av Bømlo vert kalla Ådnamylet eller Bømmelhuk. ”Huk” i namnet Bømmelhuk kjem nok



Professor Knut Fægri



Kvernhuset på austsida.
I forgrunnen Borghild Sæverud Hovland

frå nederlandske "hoek" som tyder hjørne. Nederlendarane segla langs norskekysten i fleire hundre år på jakt etter m.a. tømmer og hummar.

Frå Ådno ned mot sjøen er det dei fleste plassar bratt og ulendt. Somme stader er det glatt berg rett ned i sjøen. Eit stykke innover i fjorden frå Ådnamylet finn ein Olavshoggjet, eller Olahoggjet som det også vert kalla. På denne staden er det ein spesiell formasjon i det glatte fjellet, og det er knytt ei segn til staden. Formasjonen er på ein måte ei hole som går inn i fjellet og kjem ut att nokre meter lenger borte. Det skal gå an å krypa gjennom denne hola. Opphavet til denne formasjonen, seier segna, skal vera omrent slik; I året 995 kom Olav Trygvason over Nordsjøen frå Dei Britiske Øyane med mange skip. Han hadde konvertert til kristendomen i England, og var no tilbake i Noreg for m.a. å gjera eit forsøk på å kristna landet. Då dei kom til Ådnamylet, var mennene hans trøytte og ville leggja seg til å sova her for natta. Men i det glatte berget var det ingen stad å fortøya skipa. Olav Trygvason var ein svært atletisk og sterkt mann. Han hadde eit sverd som vart kalla Kvernbitt som var så kvast at han med eitt hogg kunne kløyva ein kvernstein i to, seier segna. Han tok sverdet sitt og hogg i berget slik at det gjekk an å tre tauet gjennom, og skipa kunne festast. Det skal ha vore så mange skip i Olav sin flåte at dei låg utanpå kvarandre heilt over til Ryvarden. Dagen etter segla dei vidare til Moster, og Olav heldt messe i eit såkalla landtelt. Korleis det gjekk vidare kjenner vi til frå m.a. det originale Mostraspelet.

Berggrunnen i Ådno er for det meste harde vulkanske bergartar. Desse bergartane forvirrar sein og gir lite næring til jorda. Jorda er difor skrinn, og lite eigna til jordbruks. Nærleiken til havet gjer også at det blir for værhardt for t.d. skog å veksa her.



Kjell Lønning sjekkar laksanota. Foto: Arne Breistein



Laksanot ved Ådno. Foto: Arne Breistein

Det er å håpa at sitkagrana ikkje får tak i det skjøre landskapet. Den ville ha gjort stor skade.

Det einaste huset ein finn i Ådno er Ådnahytta. Den ligg på toppen av Mørkedalsfjellet, 103 meter over havet. Nedanfor følger ei orientering om bakgrunnen for hytta og for andre liknande hytter her til lands.

Unionsoppløysing

Den 7. juni 1905 vart Noreg ein sjølvstendig nasjon. Etter Svartedauden i 1349 hadde landet vore eit lydrike under Danmark i meir enn 400 år. Deretter, i 1814, kom Noreg i union med Sverige. Dette var eit



Odne Kystsignalstasjon (Ådnahytta).

Frå venstre: Harald Kolbjørnsen, Eileif Vik, ukjent offiser, Endre Olai Endresen Vorland og Lars Hovland.

Foto frå Stian Kolbjørnsen

resultat av fredsoppgjøret etter Napoleonskrigane. Unionen med Sverige var laus, og Noreg styrte seg i stor grad sjølv med eiga grunnlov og eige Storting. Men tilhøvet mellom Noreg og Sverige var aldri godt. Ei norsk nasjonalkjensle vart stadig sterkare, og utetter 1890-talet vart tanken på lausriving fra Sverige meir og meir framtredande.

I 1895 var dei to landa på randa av krig. Noreg ville ha internasjonal annerkjenning for kravet om sjølvstende og ville oppretta eit eige konsulatvesen som skulle arbeida mot utlandet. Men dette ville ikkje svenskane, og sette seg fullstendig på bakbeina. Tre gonger vart saka lagd fram, siste gong i 1895. Det kom så langt at eit fleirtal i den svenske regjeringa var villig til å gå til krig dersom nordmennene ikkje gav etter. Dei såg på eit norsk konsulatvesen som ein trussel mot Sverige sin posisjon som overlegen part i unionen. I denne situasjonen valde Noreg å trekka tilbake saka og heller leggja seg på ei forsonleg forhandlingsline. Krig var avverga, men saka om eit eige norsk konsulatvesen skulle visa seg å bli byrjinga på slutten for den norsk-svenske unionen.

Trass i striden med Sverige hadde Noreg ei rivande utvikling på slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet. Nye handelspartnerar kom til, slik som Tyskland og England, og tok meir og meir Sverige sin plass i så måte. Handelsflåten vaks, og store motordrivne stålskip tok i stor grad over for treskutene. Utbygging av fossekrafta og nye kraftverk la til rette for verksts- og tremasseindustrien. Jernbaneliner, vegar, telegrafstasjonar og avisar batt landet tettare saman. Resultatet var at Noreg i stadig større grad likna på ein sjølvstendig og uavhengig nasjon.

Den forsonande forhandlingslinia Noreg hadde valt overfor Sverige i konsulatsaka førte ikkje fram, og framover mot 1905 syda det i det norske samfunnet. Spelet om norsk suverenitet var i gang. Statsminister Francis Hagerup og regjeringa hans gjekk av tidleg i 1905, og i mars same året var ei ny samlingsregjering på plass med Christian Michelsen i spissen. Hovudmålet for den nye regjeringa var å gjennomföra Noreg sin grunnlovsmessige rett til eit konsulatvesen og å hevda Noreg sin suverenitet som eit fritt og sjølvstendig rike. Regjeringa gjekk straks i

gang med å utforma ei lov om norske konsular og la denne fram for den svensk-norske kongen, Oscar II, til godkjenning. Kongen nekta å godkjenna den nye lova. Dette førte til at den norske regjeringa nekta å godkjenna kongen sitt avslag og søkte avskjed. Kongen på si side ville ikkje godta den norske regjeringa sin avskjedssøknad, noko som provoserte nordmennene kraftig.

Det vart meir og meir klart at saka no ikkje berre gjaldt spørsmålet om norske konsular eller ikkje. Saka stod no like mykje, eller meir, om ei opplysing av unionen med Sverige. Ei folkeavrøysting om unionsoppløysing vart halden i Noreg våren 1905. Eit overveldande fleirtal av det norske folket var for opplysing, berre 183 personar stemde mot.

Den 7. juni 1905 kom det endelige vedtaket om opplysing. Der slo ein fast følgjande: *"Statsrådets samtlige medlemmer har nedlagt sine embeter, da Hans Majestet Kongen har erklært seg ute av stand til å skaffe landet en ny regjering, og da den konstitusjonelle kongemakt således er trådt ut av virksomhet, bemyndiger Stortinget medlemmene av det i dag avtrådte statsråd til inntil videre som den norske regjering å utøve den Kongen tillagte myndighet i overensstemmelse med Norges rikes grunnlov og gjeldende lover - med de endringer som nødvendiggjøres derved, at foreningen med Sverige under en konge er oppløst som følge av, at kongen har opphört å fungere som norsk konge."*

I slutten av august same året tok forhandlingane om unionsoppløysinga til i Karlstad. Forhandlingane var vanskelege og kjørte seg til tider fast. Den norske hæren vart mobilisert, men det kom ikkje til opne krigshandlingar. Eit forlik om unionsoppløysing var klart i slutten av september og vart godkjent av Stortinget i oktober. Den 27. oktober sa Kong Oscar II frå seg den norske trona, og det siste bandet med Sverige var då brote.

Då Noreg vart fritt i 1905, var det ei rekke forfatningsspørsmål ein måtte ta stilling til, m.a. kven som skulle veljast til konge og korleis norsk offisiell utanriks- og tryggingspolitikk skulle utformast. Den norske kongeslekta hadde for lengst døydd ut, og ein dansk prins vart spurd om å bli konge. Dette takka han ja til, men først etter folkeavrøysting om saka. Han tok namnet Håkon VII og valspråket "Alt for Norge".

Når det gjaldt tryggingspolitikken, vart det bestemt at den skulle baserast på alliansefridom i fred og full nøytralitet i krig. Men dette betydde ikkje at Noreg skulle stå utan noko form for forsvar. Eit såkalla invasjonsforsvar var nødvendig i tilfelle landet skulle verta angripe av ei framand makt. I første verdskrig, 1914 - 1918, fungerte dette godt, og Noreg vart ikkje involvert i krigen.

Nøytralitetsvern

Ein viktig del av forsvaret var nøytralitetsvernet. Mange stader langs kysten vart det sett opp vakthytter med eit par offiserar og i tillegg mannskaper frå lokalmiljøet. Desse skulle følgja med på skipstrafikken og rapportera om fiendtleg aktivitet. På same måte vart det utetter 1900-talet bygt vakthytter mange stader i fjellet. Deira oppgåve var å speida etter fiendtlege fly og rapportera om desse.

Med dei enkle hyttene ville ein også markera nøytraliteten overfor andre nasjonar og visa at ein sjølv ikkje var villig til å gå til angrep.

Allereie på slutten av 1800-talet tok ein til å planleggja bygging av vakthytter, eller kystsignalstasjonar som det også vart kalla. Her på Bømlø kjøpte Forsvarsdepartementet i november 1897 tomt på Ådno for å byggja ein kystsignalstasjon. Seljarar av tomta var Endre Trondsen m.fl. Skøyetet på tomten hadde denne ordlyden:

Skjøte fra Endre Trondsen m.fl. til Forsvarsdepartementet paa Kystsignalstasjonen, bnr. 7, for Kr. 30,-, dat. 12 mai og 24 juni, tgl. 5 okt. 1899. Skjøtet er utstedt i h. t. en vedheftet kjøpekontrakt av norb. 1897 ifst. hvilken det offentlige har fri benyttelse av fornødne veie og stier og ret til at oppsatte telefonstolper paa selgernes eiendomme, liksom selgerne forplikter seg til ikke at oppføre bygninger, som kan bortta den frie utsig fra de bygningene eller signalapparater, som oppføres paa det solgte stykke.

Ei hytte vart oppført på tomta noko seinare. Denne fekk namnet Odne Kystsignalstasjon. Hytta vart plassert slik at ein hadde god utsikt mot Bømlafjorden og Sletta og kunne overvaka skipstrafikken i området. Størrelsen på hytta var omtrent 24m², rundt 4 x 6 meter. I gavlen mot Bømlafjorden var det fire små vindauge for utkikk.

Det var også sett inn vindauge for utkikk innover fjorden og vestover mot Espevær. Taket var dekka med tjørepapp og hytta hadde ståande kledning. Inne var det nokre koyer og enkle møblar. Der var hyller og benk for matstell. Ein liten vedomn/komfyr var montert. Vatn fekk dei frå ein brønn som var graven ut like ved.

Det viktigaste tekniske utstyret dei hadde i arbeidet med å overvaka skipstrafikken var kikkertar. Her fanst det både handhaldne kikkertar og kikkertar på stativ. Det gjekk gjetord i bygda om den største kikkerten. Ingen i bygda kunne føla seg heilt trygg dersom dei fekk retta kikkerten mot seg. Då kunne ein bli betrakta i minste detalj, vart det sagt. Heller ikkje inne kunne ein vera trygg dersom vindauge vende mot Ådno. Her gjaldt det å trekkja gardinene godt for.

På 1930-talet var det norske forsvaret i sterkt forfall. Børskrakket i 1929 førte til økonomisk krise i heile den vestlege verda, noko som også gjekk ut over løvingane til forsvaret. Svak satsing på forsvaret skjedde trass i at Europa no var trua av krig.

Etter at Tyskland gjekk til åtak på Polen 1. september 1939, erklærte Noreg seg etter ein gong nøytralt, slik landet hadde gjort heilt sidan lausrivinga fra Sverige. Men for å verna om nøytraliteten vart nøytralitetsvakter mobiliserte, først og fremst til sjøs. Heile marinen, flyvåpenet og luftvernet vart kalla inn, medan berre 7000 mann frå hæren vart innkalla. Russarane sitt åtak på Finland 30. november 1939 skjerpa nøytralitetsvakta ytterlegare, og Stortinget laut koma med store ekstraløyvingar. Frå 15. januar 1940 vart vaktperioden for soldatane forlenga frå 45 til 60 dagar.

Nøytralitetsvakten på Odne stasjon var etter alt å döma væpna med Krag-Jørgensen gevær. Til samband hadde dei truleg ein vanleg norsk felttelefon med kasse av treverk. Frå Ådno må det ha vore strekt ei feltline til nærmeste gard eller til Televerket si line. Det kan også vera at dei nytta ordonans når dei skulle rapportera om mistenkeleg aktivitet i Bømlafjorden til forsvarsleiinga.



*Ukjent offiser ved Ådnahytta.
Foto frå Solveig Eide*

General Carl Gustav Fleischer, først og fremst kjend for innsatsen under felttoget i Noreg i 1940, skreiv etter krigen følgjande generelle betraktingar om nøytralitetsvakten; *"Nøytralitetsvakttjenesten høsten og vinteren 1939/40 var en hard prøve for mange avdelinger. Bygningene som troppene måtte ligge i var for det aller meste sommerhus, som i en hast blev forbedret, eller enkle brakker, som i en hast blev bygget. Alt var trangt og primitiv... Avdelingene slet meget ondt, men de blev meget herdet, de blev samøret og de lærte å greie sig selv"*. Ein må rekna med at det var slik også på vakthytta på Ådno.

I september 1939, ved krigsutbrotet, vart det sett i gang full mobilisering på Ådno. Menn frå lokalsamfunnet på Søre Bømlo vart utkommanderte til vakt og meldeteneste under leiing av tilreisande offiserar. Offiserane vart innlosjerte hos privatfolk på Kallevåg.

Ein som lenge gjorde teneste ved Odne signalstasjon var Endre Olai Endresen Vorland. Han søkte om å bli tilsett som signalmann, og fekk svar på søknaden sin i skriv av 30. april 1913 frå 3. Kystsigralkompani. Skrivet hadde denne teksten:

Snekker Endre Olai Endresen Vorland, Langeråg

De underrettes herved om, at De i henhold til Deres ansökning av 19de ds. fra og med den 1ste mai fk. midlertidig er hverret som kystsigralmann ved Odne station. Fast ansættelse vil imidlertid først finde sted, naar De har gjennomgaat et opøvelseskursus i signalering og bedrev vist

Dem skikket for stillingen. Nogen bestemmelse om øvelseskursets avholdelse er endnu ikke fattet, men det vil sandsynligvis finde sted til sommeren.

Vedlegte kontrakt i 2 eksemplarer bedes underskrevet og datert, hvorefter det ene eksemplar tilbakesendes kompaniet, det andet beholder De selv.

For lageattestens erhvervelse fremsendes indlagt 5 kroner. Hoslagte kvittering for beløpets mottagelse bedes underskrevet og tilbakesendt kompaniet.

Tjenestebrever behøver De ikke at frankere. De skriver blot "portofrit" paa konvoluttens nedre venstre side. Private ansøkninger om reisetilladelse og lignende maa derimot altid frankeres.

Saalænge De er hervedt som kystsignalmand, møter De under mobilisering paa signalstasjonen.

Naar De har erholdt fast ansættelse vil De bli at indmelde i kredssykekassen, saafremt Deses indtagt ikke overskider 1200 kr.

Endre Olai Endresen Vorland stod i tenesta som signalmann til juli 1937. Dei to siste åra han tenestegjorde var han formann. I takkeskriv til Vorland av 27. juli 1937 frå 2. Sjøforsvarsdistrikt vert Odne signalstasjon kalla Bømmeløy signalstasjon.

Femten år seinare, den 24. april 1952, vart Endre Olai Endresen Vorland tildelt diplom for "lang og god tjeneste i kystrakten". Tildelar var då Sjøforsvarskommando Vestlandet.

Sjølv om Vorland formelt sett ikkje lenger var tilsett ved signalstasjonen i starten av 2. verdskrig, ser det ut for at han likevel gjorde teseste der. I ei notatbok skreiv han fylgjande den 1. mai 1940:



Ein jentegjeng frå Espenvær besøker Ådnahytta.

Ståande f.v.: Tolleif Vespestad, Ågot Amundsen, Bjørg Kristiansen, Harald Kolbjørnsen, ukjent, ukjent, Berta Amundsen.

Sitjande framme f.v.: ukjent, Alma Kristiansen, Ruth Amundsen, Marie Mehus.

Foto frå Gunnar Strand

Vakthold 1-5-1940
Kl. 12.35 - passerte inn
Bømmeløfj. 3 m/torpedo -
Jagere for stor fart. Tvers av
Langerøg blev avfyrt 3 skarpe
skud fra Maskinvær. Lenger
inne i fjorden hørtes flere skud.
Den første båt var sort, den
mitterste var lys grå og den siste

Slik rapporterte Endre E. Vorland om tysk aktivitet på Bømlefjorden.

Frå Else-Marie Totland

*Vakthold 1 – 5 – 1940. Kl. 12.35 passerte inn Bømmelfj.
3 m/torpedoagere for stor fart. Tvers av Langerøg blev avfyrt
3 skarpe skud fra Maskinvær. Lenger inne i fjorden hørtes
flere skud. Den første båt var sort, den mitterste var lys grå og
den siste sort.*

Ådnahytta var lenge eit svært populært turmål for ungdom både frå Søre Bømlo og Espenvær. Både gutter og jenter la gjerne søndagsturen til Åno for å ta mannskapane nærmare i augesyn.



FOR KONGE, FEDRELAND OG FLAGGETS HEDER

Endre O. Vorland

har med pliktroskap og påpasselighet
tjenstgjort som *signalmann*
ved *Odne* kystvaktsasjon
fra 1913 til 1935,
og fra 1935 til 1937 som *formann*.

Sjøforsvaret
takker ham for hans lange og gode tjeneste.

Sjøforsvarets overkommando, Oslo, den 24 april 1952

Stokke
Sjef for Sjøforsvaret

Erling Stokke
Sjef for Sjøforsvarets overkommando

Diplom tildelt Endre Olai Endresen Vorland den 24. april 1952.

Fra Else-Marie Totland



Endre Olai Endresen Vorland.
Foto fra Else Marie Totland

I tillegg til nøytralitetsvakta på Ådno vart sivile personar utplasserte på forskjellige stader her på søre Bømlo. Ukjende personar skulle straks takast hand om. Aanen Hovland fortel på ein lun måte om denne tida i boka om livet sitt:

"Vi hadde jo hørt forskjellige ting i radioen de siste dagene, men det var vel ikke så mange som kunne tenke seg at Tyskland oversatt Norge. Den første krigshandlingen jeg så var et tysk og et engelsk fly som flyg etter hverandre, antagelig i kamp. Jeg stod da på bedehustrappen og skulle inn i bedehuset. Det var nemlig begravelse til kona til Arnt Hovland, Marie Hovland, som var død.

Folk var vel mer eller mindre i sjokk den første dagen, men da de hadde fått summet seg litt begynte de å handle. Det første som ble gjort var å sette strandrakter, det vil si at vakter ble satt på forskjellige steder langs sjøkanten for å se at ingen ukjente kom i land. Jeg ble plassert på Tressneset i Eidesvågen. Vi var to mann på hver vakt, og jeg fikk Tørres Loddem som vaktkammerat.

Jeg kan ikke huske at vi arresterte noen, men det hadde sikkert ikke vært så enkelt å komme ut for oss, for jeg hadde med meg en gammel børse som hadde tilhørt Lars Vespestad. Ammunisjon hadde jeg ikke forresten, og så var den vel altfor rusten til å skyte med. Det var



Aanen Hovland.
Foto fra Annbjørg Sætre

roligt her så det var visstnok ikke mange som ble tatt. Det gikk rykter om at en mann var arrestert og ført til Leirvik, og det skulle være sildeoppkjøper Bua fra Sveio, som alle fiskerne her kjente. Så det må ha vært for moro skyld, om der var noe i ryktene”.

Ådnahytta etter krigen

På slutten av 1950-talet vart hytta flytta eit stykke syd-vestover, og det vart skote ut ein bunker omtrent der hytta før hadde stått. Ein glaskuppel vart plassert over bunkerens. Til transporten av utstyr opp til Ådno vart det leigt inn eit helikopter. Då det kom hit, såg piloten seg ut ein landingsplass ved sjøen på garden Vold, like utanfor krambua til Hans Tvedt. Det piloten ikkje la merke til var at det gjekk ein straumleidning over staden der han ville landa. Denne kom helikopteret borti, og resultatet var at det vart skada og ståande i fleire veker før det vart reparert og transporten kunne ta til.

Utetter slutten av 1900-talet og begynnelsen av 2000-talet nytta det lokale sjøheimevernet seg av hytta under øvingane sine. Manskaper brukte då å overnatta i hytta. Det var ein viss grad av hemmelegthal og teieplikt omkring hytta og det ho vart brukt til. Men på spørsmål frå Bømlo-nytt er det ein kommandørkaptein Nilsen ved VSD på Haakonsvern som vil uttala seg. I Bømlo-nytt den 29. desember 1988 kan ein lesa fylgjande:

En orientering om Sjøforsvarets Kystmeldetjeneste

Å overvåke den Norske kyst – fra Svenskegrensen til Grense Jacobselv – er en oppgave som ved første øyekast kan fortone seg umulig. Med de tusener av øyer, fjorder og sund vil det kreve en formidabel innsats av mennesker og materiell for å holde oppsyn med denne kyststrekningen til enhver tid. Bare



På tur til Ådnahytta.

Oppf.v.: Ingeborg Lønning, Klara Lønning, Astrid Lønning, Berta Loddens, ukjent.

Framme f.v.: Kristoffer Loddens, Erling Lønning, Lars Loddens, Kåre Thuv, Johannes Loddens, Steinar Lønning og Johannes Loddens.



Mennene som har vakt på Ådnahytta får besøk av jenter frå Espevær.

Bak f.v.: ukjent, Alfild Amundsen, ukjent, Bertha Amundsen, Ruth Amundsen og Bjørg Kristiansen.

Framme f.v.: Marie Mehus, Ågot Amundsen, ukjent.

Foto frå Gunnar Strand

tenk på de store ressursene tyskerne satte inn på dette området og hvor lite effektiv befolkningen ble. Dette er saker som ikke minst eldre folk i Bømlo/Fitjar-området kan fortelle om.

Samarbeid

For Sjøforsvaret, som er gitt ansvar for å holde kontroll med kysten og sjøterritoriet både i fred og krig, er dette en oppgave som ville være umulig uten et nært og godt samarbeide med kystbefolkningen. I så henseende er vi adskillig bedre stilt enn tyskerne var det!

For å løse oppgaven har Forsvaret til rådighet – ikke bare militære styrker – men samarbeider også med en rekke sivile etater. Dette samarbeidet er regulert gjennom en Kongelig resolusjon av 2. sept. 1983, som pålegger Fyrvesenet, Losetaten, Politi- og lensmannsetaten, Tollvesenet og en rekke andre å samarbeide med de sjømilitære myndigheter i oppsynet langs kysten.

VSD – fra Ryvarden til Stadt

Naturlig nok er Fyrvesenet, med sine fyr og sin farvannskjente betjening, en meget viktig brikke i overvåkingstjenesten. I Vestland sjøforsvarsdistrikt (VSD), som geografisk går fra Ryvarden fyr i sør til Stadt i nord, har man formalisert samarbeidet med fyrbetjeningen på de største bemannede fyrtasjonene i det som kalles Kystmeljetjenesten.

Dette innebærer at fyrbetjeningen inngår en avtale med Sjøforsvaret om å delta i øvelser i fredstid og stille seg til rådighet for Sjøforsvaret ved mobilisering og krig.

Våpen og militær status

De oppgaver de er pålagt er i første rekke observasjons- og meldetjeneste. For å effektivisere denne tjenesten er fyrene i det siste blitt utstyrt med RADAR og VHF-radio. For at de formelle forhold, med hensyn på deltagelse i militær virksomhet, skal være korrekte, er angeldende personell gitt uniform og militær status. Det kan også nevnes at kystmeldepersonellet har utlevert våpen til nærforsvar av egen stasjon.

Nå vil ikke de bemannede fyrtasjonene i VSD være tilstrekkelig til å holde en god nok kontroll med innløpene ved beredskap eller krig. Sjøforsvaret har derfor anlagt en del kystmeldestasjoner som ikke er lokalisert til fyrtasjonene, men som ligger på naturlig egnede steder og som kan komplettere fyrene.

Sjøheimevernet

I det distrikt som BØMLO-nytt har sitt nedslagsfelt er Slætterøy og Marsteinen fyr stasjoner som utgjør en meget viktig brikke i meldetjenesten. Imidlertid er ikke Bømlafjorden dekket av disse. Og for å holde kontroll med dette innløp og tilstøtende områder, har man anlagt en meldestasjon på Odne, helt sør på Bømlo.

Denne vil normalt ikke være bemannet i fred, men ved øvelser, beredskap og mobilisering vil stasjonen være bemannet av Sjøheimevernstrykker fra SHV-området 311.

Disse har da som oppgave å observere og rapportere all sjøverts trafikk og annen virksomhet i stasjonens observasjonsområde. Meldingene går til SHV-områdestaben

på Bremnes, som i sin tur vurderer innholdet og evt. tar aksjon på dem.

Selve stasjonen på Odne er av meget beskjedent omfang og består av en beskyttet observasjonsplass, samt en forlegningshytte med plass for mannskapene.

Siden stasjonen kun brukes ved øvelser og beredskap, har man tilsatt en tilsynsmann som inspiserer anlegget til ulike tider.

Meld fra!

VDS vil nok en gang understreke at man er helt avhengig av et godt samarbeid med kystbefolkningen. Til den eller de som mener de måtte ha sett eller observert uvanlige hendelser eller liknende, vil en si: Ikke nol med å melde fra. Meldingen kan gis til nærmeste lensmann eller politi, eller direkte til Operasjonsavdelingen på Haakonsvern.

Til sist vil en fra Sjøforsvarets side benytte anledningen til å takke alt personell i Sjøheimevernet og Kystmeljetjenesten for et godt samarbeide i året som snart er omme – og ønske alle leserne av BØMLO-nytt et riktig godt nytt år!

I september 1994 vart det montert ein radar ved kuppelen. Radaren vart transportert opp med eit av Forsvaret sine helikopter. Audun Habbestad og Jacob Steinsbø stod for monteringa av radaren.

Omleggingar i forsvaret gjorde at ein ville kvitta seg med små militæranlegg rundt om i landet, og i 2006 vart Odne Kystsignalstasjon avvikla. Same året vart Sjøheimevernet på Bømlo vedtatt å ikkje lenger vera operativt. Laurdag den 25. mars 2006 vart dette markert med ei tilstelling i Langevåg bygda. Det vart då m.a. halde fleire talar og vist bilete og video frå Sjøheimevernet si tid på Bømlo.

Anlegget på Ådno, og liknande annlegg, vart overført til Direktoratet for Naturforvaltning. Direktoratet på si side overførte ansvaret til kommunane der stasjonane låg. For Bømlo kommune sitt vedkomande meinte ein at ”Ådnahytta” best kunne nyttast til eit eller anna rekreasjonsføremål. Bømlo Tur- og Sogelag vart då forespurd om dei ville overta hytta med sikte på aktivitetar i tilknyting til turstien laget har til Ådno. Dette sa sogelaget ja til, og kontrakt om overtaking vart underteikna i slutten av mars 2012. I kontrakten låg det òg at sogelaget skulle utføra vedlikehald på hytta.

Formelt er det Direktoratet for Naturforvaltning som står som eigar.

Bømlo Tur- og Sogelag har utført ein del vedlikehaldsarbeid på hytta, t.d. skifting av nokre kledningsbord og lister. Hytta er måla utvendig. Inne i hytta har ein gjort reint, så overnatting i hytta skulle vera mogeleg for dei som måtte ynskja det. Hytta har eit enkelt møblement.

Området ved ”Ådnahytta” eignar seg godt som turmål. Her er det god utsikt både mot aust, vest og sørover mot Sletta. Ved inngangen til bunkerens er det hengt opp ein postkasse med ei gjestebok. Det er å håpa at mange vil leggja turen til Ådno, og at ein skriv seg inn i gjesteboka.

God tur!

Kjelder:

Bømlo-nytt
Else Marie og Trygve Totland

AVTALE OM OVERTAKING AV VEDLIKEHALDSANSVARET FOR ODNE KYSTVAKTSTASJON

- Bømlo kommune og Bømlo Tur og Sogelag inngår med dette avtale om at Bømlo Tur og Sogelag tek over vedlikehaldsansvaret og forvaltningsansvaret for Odne kystvaktsjon gnr.49, bnr.7 frå og med 10.3.2012.
- Eiendomen gnr.49, bnr.7 skal framleis eigast av staten v/ direktoratet for Naturforvaltning.
- Bømlo Tur- og Sogelag tek over Bømlo kommune sitt vedlikehaldsansvar for eiendomen i høve vedtak i Bømlo kommunestyret av 03.04.06 sak PS 30/06
- Bømlo Tur og Sogelag tek over ansvaret for eksisterande bygg på eiendomen og anlegg som høyre til friluftsområdet.
- Bømlo Tur og Sogelag har ansvar for forsikring av bygg og anlegg i friluftsområdet.
- Begge partar kan seie opp avtalen med eit års varsel. Dersom Bømlo kommune seier opp avtalen kan Bømlo Tur- og Sogelag kreve at Tur og Sogelaget sin eigen innsats ved investeringar på eiendomen vert refundert.
- Større investeringar på eiendomen må avklara med Bømlo kommune før arbeidet vert starta opp.
- Bømlo kommune føreset at eiendomen er tilgjengeleg for ålmenta.

Dato: 30/3-12
 BØMLO KOMMUNE
For Bømlo Kommune
Lars Elling Nævdal

Dato: 19/3-2012
For Bømlo Tur og Sogelag
Norvald Nylund

Avtalen mellom Bømlo kommune og Bømlo Tur- og Sogelag når det gjeld Ådnahytta.



Ådnahytta i dag.

”Næsten Amerikansk Stuten aat dynamiten”

Frå Aftenposten sitt kveldsnummer av
20. september 1913 har me saksa fylgjande:

”Fra Bømmeløen fortælles i ”Haugesund Dagblad” en historie, som unegtelig høres lidt for fantastisk ud efter vore begreber. Men bladet forsikrer at have den fra paalidelige folk, og vi gjengiver den da med alt muligt forbehold. Den er sålydende:

Medens en mand deroppe forleden dag holdt paa at grave op en rod og havde lagt endel dynamitpatroner og fænghætter, som han brugte til at sprænge rødderne op med, fra sig paa en tue, saa han pludselig til sin forskrækkelse, at oxen hans havde faaet snus paa dynamiten og var i fuld gang med at sætte patron efter patron tillivs. Da manden anede uraad og i næste øieblik ventede at se oxen explodere og fare i stumper og stykker til alle verdenshørner, stak han af det forteste han kunde for muligens at berge livet. Men da han ikke hørte nogen smeld og hverken saa kjød- eller benstumper i luften, listede han sig forsiktig frem igjen for at se, – og til sin lettelse saa han oxen staa og kaste op igjen hele dynamitladningen, som den altsaa heldigvis ikke havde magtet at fordøye. Dynamiten og knaldhætterne var maset sammen til en eneste stor grødklat”.



Knut Albriktsen, ”Øyeren”



Knut Albriktsen levde frå 1854 til 1924. Huset hans stod omtrent der parkeringsplassen til Bømlo omsorgstun ligg i dag.

I ein sterk storm datt delar av huset ned, og det var så vidt han ikkje vart truffen av ei av dei store takhellene. Knut flytta då til ein tryggare stad i huset.

I bakgrunnen kan ein skimta det første skulehuset som vart bygt i bygda - reist i 1896.

På biletet ser me Knut med hesten ”Sogningen”.

Kanal gjennom Hatteeidet

Tekst etter Tolleiv Hidle

I ”Kanalvæsenets Historie” trykt i 1888, på den tids språk, finn ein tankar om kanal mellom Eidesvik og Langevåg. I dag høyrest dette litt fantastisk ut, men etter at Kulleseidkanalen vart bygd første gong i 1856 og gjorde det mogeleg å ferdast trygt gjennom Bømlo, så kom det opp tankar om kanalar også andre plassar. På den tid då ein hadde berre segl og årar til framdrift var det ingen spøk å runda Ådnamylet i all slags vær. Heller ikkje Bremsund og Totsholmsundet på Moster.

Når det gjeld tankane om kanal Eidesvik – Langevåg, siterer eg utredningane på originalspråket, slik det er nedteikna.

”Hatteeidet mellom Langevaag på Bømmeløens Østside og Eidesvaag på Øens Vestside har ved halvflød Vand en Længde af 2560 Fod og fra 10 Fod under halvflød Sø paa den ene Side til samme Dybde paa den anden Side en Længde af 3250 Fod. Eidets største Høyde over havflød Sø er 27 Fod, og findes

Fjeld i Regelen 5 Fod under Overfladen. Gaardene Eide og Hatten har sine Enge og Agere paa Eidets lengste Del saalædes at en kanal i sin største Længde maatte gaa gjennem dyrket Mark. Eidet ligger $\frac{1}{2}$ Mil nordenfor Bømmeløens sydligste Pungt – Bømmelhuk – og $1\frac{1}{2}$ Mil fra Kulleseidkanalen.

I sin Betænkning af 7de Marts 1857 anførte Kanaldirektøren, at en Kanalisering af Hatteeidet, henseet til dettes forholdsvis korte Afstand fra Bømmelhuk paa den ene og Kulleseid paa den anden Side ikke syntes at være af nogen væsentlig Vigtighed for den almindelige Færdsel.

En Kanal gjennem Hatteeidet af samme Dimensioner som Kulleseidkanalen kalkulerede han til Kr. 292000,oo, idet den vilde fordre en Udmirering af 6630 Kubikfavne Fjeld og en Udgraving af 3500 Kubikfavne Jord.

Vedkommende Bremsund og Hatteeidet er senere intet passeret gjennom Kanalvæsenet”.



Dette biletet er frå Kulleseidkanalen sitt midtre løp før 1929.

Kanskje kunne kanalen gjennom Hatteeidet sett ut omtrent som dette - viss han hadde vorte laga. Foto frå Tolleiv Hidle

Frå industribygg på Kallevåg til sjøbu i Utsira

Tekst etter Einar Kallevåg



Knut Mathias Knutsen Kallevåg ("Buavikjen").

Foto frå Lars Inge Vestvik

Knut Mathias Knutsen Kallevåg kom frå Buavik i Skjold. Difor vart han heile livet sitt kalla for Buavikjen. Dette namnet kan han få lov til å behalda her også.

Han var utlærd bokkar og var ein nevenyttig mann med god innsikt i det meste. I 1916 bygde han eit stort sjøhus. Då det vart barka not i 1918, braut det ut eld, og dei nærmaste sjøhusa som stod her brann ned med garn og nøter. Buavikjen bygde med ein gong nytt sjøhus som vart større enn det første. Sjøhuset gav plass til bolig, bokkarverkstad, butikk, garn, nøter og teiner. Dette fortel litt om størrelsen på byggverket. Resten av plassen vart utleidt som sildesalteri til Stålesen i Haugesund.

Buavikjen tok opp henstandslyssar like uti Sira og Rovær. Silda vart lagra for England. Her var mange

folk i arbeid og mykje pengar å tene. På denne tida var det ikkje så mange telefonar i kommunen, men Buavikjen hadde eige telefonrom med flotte møblar.

Når det var salg av ymse varer, fanst det ikkje kassaapparat. I staden nytta han tomme tobakksesker, ei for kvart myntslag. Dette fungerte svært godt utan elektronisk trøbbel. Men ut i 1920-åra vart det konkurs, og banken kjøpte eigedomen på auksjon. Buavikjen kjøpte strandlinja med sjøhuset i kona sitt namn. Hovudbruket vart selt til Olava Kallevåg. Ho var gift med Elias Mathiasen Kallevåg. Etter dette vart det for det meste selt parafin.

Buavikjen hadde ein austlandsbygd båt med 4 hk Atlanta motor. Då tida kom og korn skulle treskast rundt om i bygda, vart motoren skrudd ut av båten. Den skulle vera drivkraft for treskemaskinen. På folkemunne vart denne motoren kalla for "Pikkenikken". Det er nok enno ein del folk som drar på smilebandet når tankane går tilbake til Buavikjen og "Pikkenikken".

Buavikjen var glad i song og musikk. Når han var i godlag, song han og spelte orgel.

Han var kjent for å vera snill med dei gamle. Han tok til seg ein kjekk gut som diverre omkom i ei ulykke om bord i MK "Kvikk". Dette vart ei stor påkjennung for Buavikjen, ei påkjennung han aldri heilt vart kvitt.

Den 15. januar 1952 rauk det opp til orkan. Det var eit uver som det store flotte sjøhuset til Buavikjen ikkje tålte. Han måtte med makt takast ut av sjøhuset, og ein time seinare såg han huset i ruiner. Med tap av guten og huset var alle dei glade dagane til Buavikjen over. Han døydde heime hos Olava og Elias Kallevåg i pinselhelga same året. Huset vart etter dette selt til Utsira og bygt opp att der med alt det som kunne brukast. Men som det står i songen; "ingenting varer evig, veit du".



Huset som Knut Mathias Knutsen Kallevåg bygde etter brannen i 1918. Foto frå Einar Kallevåg



Huset til Knut Mathias Knutsen Kallevåg ble ned i ein orkan 15. januar 1952. Foto frå Einar Kallevåg

”Kor vart da tå di”

Ved Bertha Marie Eidesvik

Håkon Tryti Nilssen (30), Bergen



Håkon Tryti Nilssen. Foto privat

Eg er oppvaksen på familiegarden på Vorland, i lag med foreldre og to søsken. Mor mi arbeider som prosjektleiar for byggeprosjekt (no i Bergen), medan far min arbeider på kontrollrom i Nordsjøen. Når han er heime på fri, er han bonde.

Eg vil påstå at det var ganske bra å vekse opp på Langevåg. Eg kunne sykle til det meste, og det var lite bilar. Me leika ute i skogen, kjørte båt, fiska og bada. Eg hugsar somrane me måtte hjelpe til med slåtten. Me slo graset, henta staurar, hesja og henta det tørka graset inn. Etterpå hoppa me i høyet før me gjekk og bada. «Gøy på landet» som dei seier.

Eg flytta frå Langevåg då eg skulle i førstegongsteneste. Etter det studerte eg på Høgskulen i Bergen, før eg fekk meg jobb i regionen. Sidan er eg blitt verande i Bergen. I studietida budde eg i sentrum, så ein del år ut mot Åsane. Eg var blant anna med i Åsane Seahawks i norgesmeisterskapen i amerikansk fotball. No har eg og sambuaren min Karen kjøpt hus i Fana bydel. Eg synest Bergen er ein spanande by der det skjer mykje. Bergen har og

flott natur og fleire turmoglegheiter. Ikkje mykje som kan måle seg med fjella og naturen rundt Bergen i fint ver. Dessutan er Bergen ein by i stor utvikling og med mange infrastrukturprosjekter.

Eg er utdanna bygg –og anleggssingeniør. Eg har alltid likt LEGO, så eg måtte jo byggja noko. Eg var heldig og fekk jobb i Statens Vegvesen før eg var ferdig på høgskulen. Det valet har eg ikkje angra på, for her trivst eg svært godt. Eg har spesialisert meg på betongkonstruksjonar, som bruer, undergangar, murar ol. Eg har vore på fleire prosjekt, og no på eit av landets største, som opnar i 2022. Køyrrer du frå Flesland (flyplassen) til Bergen, køyrrer du både under og over nokre av ”mine” bruer.

Langevåg har forandra seg litt sidan eg flytta. Eg føler det har skjedd eit generasjonsskifte i bygda, noko som jo er ganske naturleg. Eg kjenner ikkje alle lenger, slik eg kanskje gjorde før. Det eg saknar mest i frå heimstaden min, er den ”problemfrie” tilværelsen som barn.

Mai Britt Hellesund (50), Stord

Eg heiter Mai Britt Hellesund og er 50 år. Eg er fødd 2. januar 1969, og fekk byrja på skulen med 1968-kullet då eg overtydde Brakestad om at eg kunne lese og skrive.

Eg vaks opp på Vold saman med mamma Reidun, pappa Kåre og mine to brødre Kjell Rune og Tom, og hadde besteforeldre, tanter, onklar og søskenbarn rundt meg. Mamma var heime med oss ungane til me byrja på skulen. Etter det var ho å sjå hos Per's Mat. Pappa hadde ulike jobbar, men dreiv lenge for seg sjølv som entreprenør. Eg hugsar at han hadde ansvaret for brøyting om vinteren og lenge for salutten på 17. mai.

Det var fint å vekse opp på søra Bømlo på 70-talet. Me hadde verken mobil eller data, og tv-underhaldninga begrensa seg til barne-tv og ”halvsju” på lørdagen. Når me ikkje gjorde lekser, var me ute og leika, og det var alltid nokon å leike med. Om vinteren var me og skeisa eller laga oss skiløyper i bakkane utanfor huset, og eg hugsar at pappa hengde opp ein arbeidslampe i flaggstanga slik at me hadde lys til å halde på til langt på kveld. Me var òg ofte i Davidsbrekka og aka, der var det alltid ungar.

På våren var det store høgdepunktet St. Hans, og me jobba i fleire veker med å laga bål. Me gjekk frå hus til hus på Vold og samla ting som skulle brennast, kjørte det i trillebårer til Kalvatret og bar det deretter til Stølshoen der me laga et stort bål og fleire små. Det var ein slags konkurranse mellom bygdene om kven som hadde det største bålet.

Då me vart litt eldre, var me mykje på grendahuset/gamleskulen. Eg gjekk der frå 1. t.o.m. 4. klasse, før me vart flytta opp i den gamle ungdomsskulen etter at den nye vart bygd. På grendahuset var det ungdomsklubb, discotek, og av og til kino. På fritida hang me òg masse ved «buå» i Kåså, kiosken som låg vis a vis gamleskulen. Dessutan var eg aktiv i Bømlo Skyttarlag frå eg var 11 til eg var 18 år og har gode minner derifrå. Eit veldig godt miljø og kjekt å vera med rundt i heile distriket for å konkurera. Nesten kvar sommar var me på Landsskytterstevnet med heile familien. Det var kun mamma som ikkje skaut, men ho var den som organiserte alt rundt oss.



Mai Britt Hellesund i New York. Foto privat

Eg var ferdig med 9.klassen i 1984 og gjekk så 3 år på Lundeneset vg.skule på handel og kontor med data og informasjonsbehandling 3. året. Då eg ikkje ville gå på gymnaset eller på yrkesskulen i Rubben, var Lundeneset eit godt alternativ. Eg var nok ikkje klar for å bu på hybel i Haugesund eller på Stord. Det var litt lengre til alt i den tida, med dårlige veier, så det å bu på Lundeneset saman med ein storebror som kjørte bil var veldig fint.

Før eg var ferdig med 3. året på Lundeneset fekk eg tilbud om jobb i Indre Arna i Bergen. Full jobb som lønn- og kontorassistent hos ein bilforhandlar, så dagen etter eg tok billappen og hadde den siste eksamen, flytta eg til Bergen og vart der i 7 år. Eg har ikkje budd på Langevåg etter det, men var ofte heime i helgene og i alle feriar fram til mamma døydde av kreft i 1992.

Eg fekk eldstejenta mi for 25 år sidan. Då flytta me tilbake til Bømlo, og busette oss i Ytre Håvik i nytt hus og fekk jente nr. 2 to år etter. Dei siste 13 åra har eg budd på Leirvik/Stord, saman med dei to jentene mine på 23 og 25 år og hunden Dennis.

Jentene har no flytta ut. Ho eldste er blitt bømling igjen og bur på Bremnes og ho yngste har busett seg 300 m frå meg. Heime er det kun meg og Dennis, som har blitt 10 år.

Eg har drive Circle K Leirvik, tidligare Statoil Leirvik, på franchise sidan 2011. Før det var eg 10 år på Montèr Stord som butikksjef. Eg trivst veldig godt med å jobbe i butikk. Det fann eg ut då eg starta å jobbe på Montèr etter å ha hatt ulike kontorjobbar i Bergen og Bømlo. Kanskje eg har det etter mamma, som likte seg godt hos Per Gunnar.

Eg likar kombinasjonen av å ta vare på kundane mine og samtidig ha ansvaret for drifta av butikken.

På fritida syng eg i kor i tillegg til å vera aktiv i lokalpolitikken.

Det eg likar best med å bu på Stord er tilgjengeligheten av butikkar, fritidsaktivitetar og kulturelle tilbud på ein forholdsvis liten stad. Det er stort nok til å ha varierte tilbud til alle, og lite nok til at ein kan verta kjent med folk. I tillegg har me nærliken til naturen og det den byr på. Sunnhordland er verdas finaste stad.

Eg er veldig glad for oppveksten min på Langevåg, trygg og god i ei bygd som var flink til å ta vare på kvarandre. Eg trur det er slik enno, og er imponert over kva ein får til i bygda.

Vidar Vorland (34) Tananger

Jeg vokste opp på et lite småbruk på Vorland, med ca. 50 sauер og masse lam. Vi drev også med skogbruk, og jeg fikk være med på alt fra hogst, vinsje tømmer, saging og vedkløyving, i tillegg til alle mulige gjøremål som må utføres på et lite gårdsbruk. Min mor var hjemmeværende og hadde ansvar for dyreholdet, mens min far jobbet for skattevesenet på dagtid, på gården og i skogen alle ettermiddager og helger.

Når jeg tenker tilbake på oppveksten min, så har jeg stort sett bare gode minner. Det var trygt og godt å bo på Vorland, og jeg fikk mulighet til å prøve meg på alt jeg kunne tenke, selv om det ikke er til å stikke under en stol at det selvsagt var noe plagsomt å se klassekamerater sykle til Vevika for å bade mens vi hadde masse arbeid som skulle utføres.

Foruten gårdsarbeidet så tilbrakte jeg store deler av barndommen min på skytebaner rundt omkring i landet. Hele familien var aktive rifleskyttere og medlemmer av Bømlo Skytterlag. Vi reiste stort sett på konkurranser hver eneste helg gjennom sesongen. Miljøet i skytterlaget var ekstremt godt, og vi hadde mange gode turer sammen.

Jeg flyttet hjemmefra for å studere i Bergen i 2004, og jeg tenkte i utgangspunktet at jeg godt kunne



Vidar Vorland. Foto privat

bo på Bømlo når jeg var ferdig, men tilfeldighetene har ikke ført meg tilbake ennå. Jeg har nå havnet på Tananger i Sola kommune, sammen med min kone og vår 1 år gamle datter.

Vi bor her i et relativt nytt byggefelt med veldig mange andre småbarnsfamilier, noe som gir litt av det samme felleskapet som også finnes på Langevåg. Her har hverdagen fanget oss såpass at vi dessverre er alt for sjeldent på Bømlo. Likevel, så definerer jeg meg fortsatt som bømling, og jeg har et sterkt ønske om å gi mitt barn mulighet til å få gode minner fra Langevåg.

Jeg arbeider for tiden som assisterende driftssjef ved vannrenseanlegget i regionen, en jobb som jeg liker veldig godt. Tidligere har jeg jobbet som prosessingeniør for Aker Solutions og Norske Shell AS, men hadde flaks og fikk en mer sikker arbeidsplass under nedbemanningsperioden i 2015.

Min hovedfritidsinteresse er fortsatt skyting, men jeg er langt fra så aktiv som tidligere. De siste årene har det stort sett begrenset seg til trening, og deltakelse på landsskytterstevnet om sommeren.

Alt i alt så må jeg si at det å vokse opp på Langevåg har gitt meg en veldig trygg og god base i livet. Hver gang jeg kommer "hjem" så kjenner jeg at skuldrerne senkes litt. Det er nok mye som har endret seg på Langevåg de siste 15 årene, men den rolige stemningen og følelsen av trygghet og godhet sitter i hvert fall fortsatt sterkt i meg hver gang jeg er hjemom.

Maren Eide (29) Bergen

Eg heiter Maren Eide og er født i 1989. Eg voks opp på Øyro/ Nedre Hillestveit på Langevåg. Foreldra mine er Margrethe Johannessen Eide og Trygve Eide. Mamma arbeider på Hillestveit skule og pappa jobbar i Equinor. Storesøstera mi, Maria Eide, jobbar i Total i Stavanger, men har nyleg flytta til Pau i Frankrike for å jobbe på Total-kontoret der.

I 2008, då eg var ferdig på Bømlo vidaregåande flytta eg frå Langevåg. Etter eitt år i Stavanger flytta eg til Bergen for å studere juss. For utanom eit utvekslingsopphald i England og ei verdsreise på tre månadar har eg budd i Bergen sidan. I Bergen bur eg saman med mannen min Frithjof og dottera vår Frida på to månadar. Eg trivst godt i Bergen. Byen har mykje å tilby både innafor arbeid, fritidsaktivitetar og kultur. Eg er også veldig glad i byfjella som eg prøver å få brukt så ofte som mogeleg. Eg jobbar i NAV i Meland kommune, men for tida er eg i permisjon.

Sjølv om eg trivst godt i Bergen, saknar eg Langevåg. Eg prøver å kome heim med jamne mellomrom. Det vert nok endå fleire turar heim no når Frida har kome til verda. Eg ønskjer at ho skal verta kjent med heimstaden min og oppleve den fine naturen, sjøen og det trygge, gode miljøet på Langevåg.



Maren Eide. Foto privat

For det var verkeleg trygt og fint å vekse opp på Langevåg. På Øyro var det mange naboungar på same alder. Alltid nokon å leike med. Det var særleg stas då Ane Hindenes flytta inn i feltet berre to hus frå oss. Tida vart brukt til mykje forskjellig. Trilleturar med dokkevognene, sykkelpoliti (inspirert av Pacific blue), turar til Vevikevatnet for bading og skeising, båtliv og mykje anna. Eg hugsar spesielt godt «matturane» våre. Mens andre gjekk lengre turar i skogen og hadde med seg turmat gjekk Ane og eg på «mattur». Ofte enda me opp på «straumboksen» i byggefeltet der me kosa oss med kjeksen som me hadde med i sekken. Eg hugsar også godt sommarkveldane der alle naboungane samla seg ned i vegen for å spele slaball. Etterkvart som me vart eldre fekk me lov til å gå tur til bilverkstaden for å leige film og kjøpe smågodt. Det var stas!

Stas var det også med fotballaget vårt. Det sosiale saman med jentene i klassen sette spor som me framleis har med oss. Å vinne Norway Cup var nok

høgdepunktet, men samhaldet og det spennande me opplevde tok me også med oss inn i skulekvardagen.

Eg hadde ei utruleg fin tid på Hillestveit skule. Tida der har gjeve meg barndomsvenner som framleis er nokre av dei beste og nærmeste venene eg har i dag. Me er spreidd rundt i ulike byar i Noreg, og sjølv om det kan gå både veker og månadar mellom kvar gong eg ser dei, er det som me aldri har vore frå kvarandre når me først møtes.

Langevåg er for meg på mange måtar slik som då eg flytta i 2008, noko eg eigentlig er glad for fordi det er dette eg ønskjer å kome til når eg er heime på besøk. Samstundes er det veldig kjekt å sjå det gode arbeidet som vert gjort og det positive engasjementet i bygda. Før hengte me utanfor gamle banken og dei gamle kontorlokala til Eidesvik. No har Langevåg fleire samlingspunkt rundt omkring i bygda, noko eg ser på som svært positivt. Eg vert både glad og stolt over å sjå at Langevåg er i stadig utvikling. Eg gler meg til neste tur heim!

Einar Eide, (47) Stord

Eg heiter Einar Eide og er 47 år gammal. Eg vaks opp på garden Eide i lag med foreldra mine Johanne Marie og Erling og systrene mine Anlaug, Marit og Solbjørg. Her var det stor grad av friheit og moglegheit til å fylla kvardagen med innhald etter eigne innfall, i stor kontrast til dagens organiserte fritidsaktivitetar. I tillegg til å fylla kvardagen ut frå eigne innfall, så var det nok av oppgåver på garden så lenge den vart driven.

Far min var i mange år dagleg leiar på Aksel Bruvik AS, før han i 1985 starta eigen trelasthandel på Langevåg. Dette var i mange år ei familieverksemد som foreldra mine dreiv i lag. Far min har ikkje fått taket på det å vera pensjonist, så den verksemda er han aktiv i den dag i dag, 80 år gammal.

I oppveksten så vart mykje av fritida brukt på og ved sjøen. I barneåra så vart det mange timer i Hardangersjekta med bestefar min Enok, ein tolmodsprøve av dimensjonar for ein liten gut, men helt fantastisk å sjå tilbake til i dag. Litt seinare i

oppveksten vart mykje av tida med sjøen og heime ved garden brukt i lag med naboen Steinar Solheim. Det vart og litt tid til friidrett og ein god del timer med mekking på moped i ungdomsåra.

Eg fann tidleg ut at tal generelt og økonomi og finans spesielt var noko som engasjerte meg. I 1988 var eg ferdig med ungdomsskulen og eg flytta frå Langevåg og hadde 3 år på handel og kontor på Lundeneset vidaregåande skule. Etter det vart det studiar i Haugesund, Stavanger og Bergen. Eg hadde eit års opphold i studiane der eg arbeidde i lag med foreldra mine. Det har vist seg svært nyttig å ha litt tømrarkunnskap når ein byggjer på eigen bustad. Etter avslutta studiar vart eg statsautorisert revisor og arbeidde i 12 år med revisjon og rådgiving.

Etter det har eg dei siste 11 åra arbeidd i Bremnes Seashore, først som finansdirektør og dei siste fem åra som administrerande direktør. Når eg valde å arbeide for havbruksnæringa så var tanken at sunn og god mat måtte det vera ei framtid i. Utviklinga



Einar Eide. Foto: Magnar Langaker

eg har fått vore med på dei siste 11 åra har vore fantastisk. Eg har i alle år etter at eg flytta frå Langevåg vore busett på vestlandet. Dei siste 22 åra har eg budd på Stord, ein ganske kortreist utflyttar frå Langevåg med andre ord. På Stord har me eit godt fritidstilbod til dei unge, flotte turløyper og det me treng får me stort sett tak i på øya. Eg er gift med Kjellaug og me har barna Kaia på 15 år og Jonas på 12 år.

På fritida vert det litt tid til friidrett slik eg dreiv med i ungdommen, i tillegg til heim og logistikk til og frå ungane sine fritidsaktivitetar. Heime på Langevåg er me kort oppsummert for sjeldan. Men når me er der så er det alltid kjekt å ta fram gamle minner

frå garden, og frå sjøen. Dørging i Nordøyane og krabbefiske er noko alle burde fått oppleva.

Eg har no budd 30 år vekke frå oppvekststaden min Langevåg. Den største forandringa i bygda er Bygdatunet som er eit godt og særskilt tilskot til aktiviteten i bygda. I tillegg er vegene sør på øya retta ut og fått gul midstripe, noko som var utenkeleg på 80 talet. Frå avstand så opplever ikkje eg at bygda elles har endra seg så mykje. Dette opplever eg no at det vert tatt tak i. Satsinga på kystnær industri og god infrastruktur vil bety mykje for utviklinga av bygda framover. Eg oppfordrar alle i bygda til å heie på dei som vågar å satsa eigne ressursar i å bygge framtida til Langevåg.

Redaksjonen i Leidarsteidn vil på det varmaste få takka desse flotte representantane for bygda vår for at dei ville dela informasjon om livet sitt med leesarane våre.

*Bømlo Tur- og Sogelag
ynskjer alle lesarane av
Leidarsteidn ei God Jul og
eit Godt Nyttår!*



Parti frå Vika.

Biletskanning og formgjeving: Bernt Emil Vika
Trykkeri: Haugesund Bok & Offset
Opplag: 650 eks.